



Årsmelding Noregs Mållag 2016–2018





Form: Kjartan Helleve
Foto framside: Tor Leif Helgesen
Trykk: CopyCo
Opplag: 500

Årsmelding for Noregs Mållag 2016–2018

med arbeidsprogram for 2014–2018

Innhald

4	Føreord
5	Leiar
6	Nynorsk som nasjonalspråk
20	Nynorsk som fyrstespråk
30	Samskipnaden
40	Økonomi
46	Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde
48	Norsk Målungdom
50	Nærskylde
56	Vedlegg og statistikk:
	<i>56 Nynorsk skulemål</i>
	<i>58 Lag og medlemstal</i>
	<i>64 Revisjonsmeldingar</i>
	<i>70 Reiseverksemda</i>
	<i>75 Reiseverksemda Nynorskstafetten</i>
	<i>79 Pressemeldingar</i>
	<i>79 Debattinnlegg</i>
	<i>82 Skulemålsrøystingar 2006–2017</i>



Styret i Noregs Mållag 2016-2018. Frå venstre: Peder Lofnes Hauge, Synnøve Marie Sætre (Norsk Målungdom, Fredrik Hope frå 2017), Jens Kihl (nestleiar), Ingrid Fiskaa, Magne Aasbrenn (leiar), Inger Vederhus, Inger Johanne Sæterbakk og Birgitta Lim Ersland (3. varamedlem)

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for perioden 2014–2016 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 2. mars 2016 til 2. mars 2018. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i perioden. Sjukefråværet har vore 49 dagsverk i 2016 og 73 dagsverk i 2017, noko som utgjer 3,5 og 4,8 prosent. Ein god del av fråværet skriv seg frå langtidssjukmelding. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2016 gjekk 113 000 kroner i overskot og i 2017 341 000 kroner i overskot. Den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for dei siste to åra av den fireårige arbeidsprogramperioden 2014–2018. Teksten fylgjer strukturen i arbeidsprogrammet så godt det lèt seg gjera. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er teke initiativ til frå styret og

skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar. Språkrådet har tidlegare gjeve ut språkstatusrapportar på ulike felt og Nynorsk kultursentrum gav sist gong ut det omfattande faktaoversynet Språkfakta hausten 2015. Årsmeldinga til Noregs Mållag dekkjer i hovudsak målreisinga og det arbeidet som vert lagt ned for å styrkja nynorsken sin plass. Saman gjev desse ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsken. Styret har lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

OSLO, 4. MARS 2018

Magne Aasbrenn (leiar) | Jens Kihl (nestleiar) | Ingrid Fiskaa | Inger Vederhus
Inger Johanne Sæterbakk | Peder Lofnes Hauge | Fredrik Hope (Norsk Målungdom)
Haakon Aase (1. vara) | Gro Morken Endresen (dagleg leiar)

Leiar

Når Noregs Mållag i 2018 kallar inn til årsmøte i Vinje i Telemark, er det ein historisk dåm over tilskipinga. Det er landsmøte nummer 100 i rekkja. Landsmøtet vart skipa i det året han som var «nynorskbrukar nummer ein» fyller 200, og attpåtil er vi på staden han kom frå. Ja, mange av oss skal i landsmøtehelga bøya hovuda og stiga inn i den vesle stova der han voks opp.

Aasmund Olavsson Vinje var journalisten som tok Ivar Aasens landsmål i bruk i praksis. Han satsa eigen økonomi og valde bort ein mykje tryggare karriere som danskskrivande journalist. Det var eit sprang ut i det ukjende som må ha kravd eit heilt eige mot. Vinjes gamle klassekamerat på Heltbergs studentfabrikk skildra det i Peer Gynt: «Ja, tenke det; ønske det, ville det med; - men *gjøre* det! Nej; det skjønner jeg ikke!»

I valperioden vi har bak oss, støyte Noregs Mållag på store utfordringar i ei skiftande tid. Omstridde vedtak frå sentrale styresmakter sette i gang samanslåingsprosessar i kommunar og fylke. I omstøypingstider kom etablerte språklege makttilhøve i spel.

Med orda til Oddmund Hoel i heftet *Målreising 2017* finst det ein stor og ein liten språkpolitikk. Den vesle språkpolitikken handlar om sider ved sjølve språket. Den store språkpolitikken handlar om samfunnsstrukturar. Til dømes er det slik at den langsame prosentnedgangen av nynorskelevar i grunnskulen i stor grad ikkje kjem av at elevane i nynorskområda vel bort nynorsken, men at tyngda av folkesetnaden i Noreg er i siget mot dei største byane og særleg austlandsområdet.

Fylkessamanslåinga er nett eit døme på at når dei store samfunnsstrukturane skal skipast om, så må språkpolitikk fylgja med. Hausten 2016 kom framlegget om den store Vestlandsregionen. I den fyrste lanseringa vart det sagt at denne regionen skulle verta ein språknøytral region. Fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Stavanger hadde ikkje tenkt på språk som ein viktig del av avtaleverket. I vekene og månadene som fylgde, vart det tydeleg at plassen nynorsken skulle ha, var heilt vesentleg for folk i dei tre fylka. Samanslåinga vart lagd ut på høyring, og eit overveldande fleirtal høyringssvar ynskte at den nye regionen skulle gjera vedtak om å bruka nynorsk.

Den turbulente hausten 2016 enda med at Rogaland likevel ikkje vart ein del av samanslåinga, og at storfylket som skal omfatta Hordaland og Sogn og Fjordane, fekk nynorsk administrasjonsspråk og tenestemål.

Det som vart oppfatta som eit trugsmål mot nynorskbastionen Vestlandet, førte òg med seg mange nyinnmeldingar i Noregs Mållag. Vi noterte medlemsrekord sidan fyrsten av 1990-talet. Denne utviklinga auka gledeleg nok på i 2017 og ser ut til å vera stabil i 2018, òg.

Det som er ekstra gildt å registrera, er at alle fylkeslag frå sør til nord har hatt medlemsframgang det siste året. Ein av grunnane er nok at Noregs Mållag har ei tydeleg røyst i ein strid som er ein del av eit større bilete. I desse tider finst det nok av krefter som ser ut til å føra ein krig mot norsk. Ein ser det i den omfattande anglifiseringa, der grunnskuleelevar i den offentlege skulen har byrja å få all undervisning på engelsk, og Høgskolen i Oslo signa av regjeringa får namnet OsloMet. Dialektane er under press, og Mediemangfaldsutvalet skriv nesten to hundre sider utan å tematisera korleis mediepolitikken skal stø opp om dei norske språka.

I denne striden er det godt å konstatera at mållaga land og strand rundt har nådd mange små og store sigar i perioden som no er over.

I Vinje skal vi vedta eit nytt arbeidsprogram som handlar om både stor og liten språkpolitikk. Dei regionale endringane må styrkja nynorsken. Barn i nynorskområde må få møta språket sitt i oppveksten. Nynorsken må med i den store digitaliseringa av alt frå lærebøker til reise-appar.

I *Ferdaminne* har Aasmund Olavsson ei skildring av elva Glomma som kan inspirera. Nord for Kongsvinger såg den mektige elva ut til å måtta slynga seg rundt reine sandbankar, skreiv han. Men det var berre slik det såg ut. I røynda «so grunn grov ho sløgt og umerkjelegt desse Meinskrokane, og tok Beinvegen sin, fyrr Nokon vitste af det».

Målstoda her til lands er heller ikkje utan «Meinskrokane». Mange av dei vart retta opp dei siste to åra. Fleire står for tur fram mot 2020.

Magne Aasbrenn

Magne Aasbrenn
Leiar i Noregs Mållag

Nynorsk som nasjonalspråk

Noreg har to skriftspråk med ulikt historisk opphav. Bokmålet har bakgrunn i dansk-norsk skrifttradisjon og har festa seg som dominerande skriftspråk i landet. Nynorsk er det skriftspråket som byggjer på dei norske dialektane og det språket som står under press. Mindretalsspråket er avhengig av at fleirtalet er villig til å lære seg båe språka. Staten har eit ansvar for å sikra dei to språka like konkurransevilkår gjennom positiv særbehandling, ved å sikra ålmenn kompetanse i båe språka og ved dei statlege målbruksreglane. Også bokmålsbrukarar har ansvar for å bidra til den nynorske tekstproduksjonen i samfunnet. I dette synspunktet har me offisiell, norsk språkpolitikk på vår side. Noregs Mållag skal arbeida for at dei språkpolitiske målsetnadene frå stortingsmeldinga «Mål og meining» blir fylgde opp med konkrete politiske tiltak.

PARTIPOLITIKK OG VALKAMP

I mai 2016 sende Noregs Mållag eit brev med framlegg til fem gode nynorsktiltak til programarbeidet til alle dei politiske partia. Brevet vart fylgt opp med personleg kontakt for å få til gode vedtak i stortingvalprogramma. Oppsummert bør me vera nøgde med det me fekk til. Me har vore med på å avverja felles karakter i nynorsk og bokmål hjå både Venstre og Krf og nynorsken har kome inn att i programmet til Arbeidarpartiet. Både Sp og SV har teke inn formuleringar om språkdelt ungdomsskule. Noregs Mållag sin innsats har vore nyttig og viktig, og me har knytt nye kontaktar i dei ulike partia.

I valkampen 2017 køyrde me ein mindre offensiv valkamp enn me gjorde i kommunevalet. Det har likevel vore stort valkamprelatert trøkk på sosiale medium frå Noregs Mållag sine kanalar. Me laga mellom anna ein kampanje i sosiale medium som synte vurderinga

vår av programma til dei ulike partia. Lokallaga vart oppmoda om å stå på stand siste laurdagen før valdagen. Det vart laga eit eige flygeblad for valkampen som lokallaga kunne bruka og som er sendt stortingslistekandidatane. I tillegg er den same informasjonen lagd på ei eiga valkampside på nett, saman med oppsummeringane av alle partiprogramma. Leiaren sende ut eit lesarbrev om valkampen som fekk brei spreiding.

Alle som stod på liste til stortingsvalet, fekk brev med eit flygeblad med viktige saker for mållaget og ein innmeldingsgiro. Me verva 13 medlemmer.

Eit av dei viktigaste bidraga til valkampen for Mållaget var aktiviteten vår i sosiale medium. Me har delt alle partia som har profilbilete-rammer på nynorsk og skrytt av dei. Me har også delt alle partiprogramma som ligg føre på nynorsk og delt gode sitat frå SiD-sida til Aftenposten frå ungdomspolitikarar om nynorsk.

Facebook-innlegget med kritikk av «Sidemål suger»-jakkemerket til Unge Høgre fekk mest merksemd og vart sett av 250.000 menneske. I tillegg skaffa delinga oss mellom 40 og 50 nye medlemmer. På ulike vis har me fått skrytt av alle partia (unnateke Frp) for nynorskbruk. I tillegg har me skrytt av LO sentralt som har laga nynorskmateriell.

Offentleg målbruk

Mållova har hatt stor politisk støtte sidan ho vart innført, men nokre har teke til orde for dramatiske endringar i lova. Noregs Mållag må forsvara mållova i komande periode. Me må synleggjera kor viktig mållova er for nynorsken, og arbeida for strengare oppfylging. Organisasjonen skal arbeida for at kommunar og fylkeskommunar må ta eit større ansvar for nynorsken. Døme kan vera arbeid for å gjera Bergen til nynorskbyen på Vestlandet.

Styret og skrivarstova skal arbeida for å få møte med statsetatar om oppfylging av mållova. Folkeregisteret har eit felt for «målform» som i dag viser kommunens målform. Som privatperson bør me kunna velja vår eiga «målform» slik at me kan få offentlege brev på vår primære målform. Frå folkeregisteret hentar mange instansar adresseendringar og bør også få tilgang til vår målform, via det nye Partsregisteret i Altinn.

POSTEN NOREG AS

Målbruken i Posten er regulert i § 11 i vedtektene deira: «*Prinsippene i lov om målbruk i offentlig teneste (målbrukslova) skal følges ved kunderettet informasjon om de leveringspliktige tjenestene. For øvrig skal prinsippene i målbrukslova følges så langt råd er, men likevel slik at det ikke utgjør noen ulempe av betydning i forhold til konkurrenter.*»

Sommaren 2016 vart Meld. St. 31 (2015–2016) Postsektoren i endring sendt på høyring. Samferdselsdepartementet føreslo då, slik dei sjølv formulerte det: «*Som følge av at Samferdselsdepartementet nå legger opp til at føringar av sektorpolitisk eller samfunnsmessig karakter ikke lenger ivaretas gjennom eierskapsutøvelsen, legger departementet opp til å avvike vedtektsbestemmelsen om målbruk.*»

Mållaget tok del i høyringa og kravde, ikkje uventa, at paragrafen som regulerer målbruken, blir ståande. I høyringa spurde ein komitemedlem representantane frå Posten om kor stor ulempe det var å ha språkkravet i vedtektene. Svaret var at det ikkje var noko problem eller hinder i det heile, og komiteen innstilte då på at Posten framleis skal ha plikt til å bruka nynorsk i ein del samanhengar.

NYNORSKE UNDERVISNINGSSIDER PÅ STORTINGET.NO

I førre årsmeldingsperiode arbeidde vi med å få meir nynorsk på nettsidene til Stortinget. Tidleg i denne perioden kunne me endeleg gle oss over at dei no har fått omsett dei faste tekstane som er tilpassa ulike skulesteg og meinte til bruk i undervisninga.

NAV

Mest alle skjema er tilgjengelege på både nynorsk og bokmål hjå NAV. Dei har likevel ein del manglar når det kjem til innleiande tekstar til dømes i klageportalen, svar til einskildpersonar på klagesaker og ikkje minst i bruken av nynorsk på nettsidene. Noregs Mållag sende klage til Arbeids- og velferdsdirektoratet i september 2017, med kopi til Språkrådet. Der bad vi om informasjon om kva rutinar dei har for å sikra at dei oppfyller krava i mållova. Vi har ikkje fått svar på klagen, men vi har fått kopi av brev frå Språkrådet til NAV. Dei bed i brevet om eit møte med NAV for å sikra at lovkrava

blir fylgde. Dei viser til at NAV tidlegare har lova å få på plass tenester, men at lite skjer. Me fylgjer opp saka.

ELEKTRONISK KJERNEJOURNAL

Våren 2017 klaga Mållaget til Direktoratet for ehelse på at elektronisk kjernejournal berre er å få på bokmål. Me fekk til svar at dei arbeidde med saka og at dei rekna med å ha portalspråk og ein del anna på plass før ferien. Språkrådet tok saka vidare på hausten, då nynorsk ikkje var på plass. Dei har hatt møte om språkløysingane, men etter det me kan sjå, er nynorsken framleis ikkje på plass. Me fylgjer opp saka.

AVINOR

Sommaren 2017 klaga ein brukar av flyplassen Vigra ved Ålesund på manglande nynorskbruk i skiltinga. Klagen gjekk til Språkrådet, og Språkrådet tok opp saka. Avinor, som eig flyplassane i Noreg, har i vedtektene at dei skal fylgja språklova. Noregs Mållag fylgde opp med medieutspel i Sunnmørsposten, og ordføraren i Giske kommune uttalte at ettersom flyplassen ligg i ein nynorskkommune, hadde han helst sett at skiltinga var på nynorsk. I november 2017 enda saka likevel førebels med at Avinor avslo klagen frå Språkrådet ved å visa til ei utsegn av samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen i Stortinget i 2013.

UNG.NO

Mållaget gjekk i 2017 gjennom denne nettsida som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet står bak. Sida er ein viktig informasjonskanal for ungdom, der tekstane stort sett ser ut til å ha elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule som målgruppe. Av totalt 1489 artiklar om ulike emne, var berre 18 av dei på nynorsk, det vil seia 1,2 prosent. Me fekk attende eit positivt svar og ein tiltaksplan som viste korleis dei skulle koma opp på eit greitt nivå frå rundt nyttår. I februar var det ikkje synlege teikn til endring, og me tok kontakt på nytt. No har ung.no omsett om lag 100 av dei mest lesne artiklane sine, slik at lesaren får opp knapp for bokmål og nynorsk over artikkelen og kan velja språk. Dei er også i gang med å omsetja brosjyren sin.

GRATIS MATERIELL TIL SKULEELEVAR FRÅ PRIVATE TILBYDARAR

Me har i året som gjekk vore i kontakt med Redd Barna om at svært lite av materiellet deira er å få på nynorsk. Dei viser til at det er eit spørsmål om ressursar å produsera materiellet på både nynorsk og bokmål, men dei har fått laga mellom anna ein nettvettplakat på nynorsk og samisk, og dei har informert skulane om at han er å få. Subjectaid.no er ei samleside der andre tilbydarar kan visa fram kva dei har av materiell som skulane kan tinga. Dei produserer ikkje materiell sjølv, og er slik sett avhengige av at andre leverer nynorskstoff til dei. Me har teke opp med dei at det ikkje er så lett å få

auge på kva som er på nynorsk og ikkje. Dei har endra løysinga si, og det har vorte lettare å få auge på dei få nynorskbrosjyrane dei har. Fullgodt er det likevel ikkje, og me har hatt ny kontakt i 2018.

TILSETT-KORT VED NOREGS TEKNISK-VIT-SKAPLEGE UNIVERSITET, NTNU

Ein tilsett ved universitetet kontakta oss sist vinter om at det berre var råd å få bokmålskort med namnet sitt på, der det står at ein er «ansatt». Etter at me tok kontakt, har det ordna seg, og dei har no ein mal som gjer at alle tilsette skal kunna velja å få kortet sitt på nynorsk.

VIKING REDNINGSTJENESTE OM «KØYR SAKTE»-SKILT

Me har vore i kontakt med Viking eit par gonger gjennom det siste året på vegner av medlemmer som gjerne vil ha «køyr sakte – barn leikar»-skilt i nabolaget sitt. No har det endeleg ordna seg, og dei har meldt at dei kan få laga slike skilt dersom nokon tingar det.

NYNORSKBYEN BERGEN

15. juni 2016 vedtok Bergen bystyre, etter ein interpellasjon av Njaal Neckelmann (V), at byrådet skal leggja fram ei sak som viser korleis kommunen gjennom ein aktiv språkpolitikk kan bidra til at Bergen tek sitt språklege ansvar som Vestlandets nynorsk hovudstad. I september 2017 var Noregs Mållag, Bergen Mållag og Hordaland Mållag på møte med byråd for barnehage, skule og idrett, Pål Hafstad Thorsen, og Jan Eide, leiar for utdanningsavdelinga. Her kom me med innspel til kva me meinte var viktig i ein språkbruksplan. Ved sida av klåre retningslinjer for språkbruk i kommunen peika me mellom anna på at det er viktig at barnehageborn møter



både nynorsk og bokmål, at fallet i nynorskelevar må stogkast og at dei må vera særleg opptekne av Arna bydel. Språkbruksplanen vart lagd fram av byrådet i januar og vedteken februar 2018.

FOLKEREJSTERET

Styret har ikkje fått arbeidd med dette arbeidsfeltet i denne arbeidsperioden.

Noregs Mållag skal arbeida for at programvare som blir brukt i det offentlege, skal finnast tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris, og at informasjonen om slik programvare blir gjort kjend.

I samband med samanslåinga av fylke på sør- og austlandet der alle har eit nynorskskrivande mindretal, arbeider me for å få til politiske vedtak som tydeleg seier at vanleg brukt programvare på digitale arbeidsstasjonar skal ha menyar på både nynorsk og bokmål. Der dette manglar, må dei nye «storfylka» krevja at leverandøren lagar slike utan meir kostnad for fylkeskommunen. Dette gjeld programvare til alle tilsette og er særleg viktig for elevar i vidaregåande skular og andre skular som fylkeskommunen eig. Me går òg inn for at dei nye fylka må samordna tinginga av programvare med andre fylkeskommunar med dei same krava.

Kommunereforma og regionreforma

Dei fleste partia i Noreg ynskjer færre og større kommunar. I mange tilfelle vil me kunna få samanslåingar av kommunar med ulike målvedtak, og det vil skapa vanskar for nynorsken. Ved vurdering av kva kommunar som skal slåast saman, må ein ta språklege omsyn. Noregs Mållag vil átvara mot kommunesamanslåingar som avgrensar nynorsk administrasjonsmål.

Alle nivå i organisasjonen må arbeida saman for at eventuelle framtidige kommunesamanslåingar fører til at nynorsken vert styrkt som tenestemål og administrasjonsmål. Truleg vil likevel mange av kommunane landa på eit vedtak om å vera «språknøytrale». Det er viktig for nynorsken at eit vedtak om nøytralt administrasjonsmål kan fyllast med vilje og evne til å vera reelt tospråkleg. Mållova og sidemålsordninga er to avgjerande berebjelkar for ei slik evne.

Noregs Mållag må saman med andre krefter utforma ein strategi og ei rettleiing for korleis slike kommunar kan vera reelt tospråklege.

REGIONREFORMA PÅ VESTLANDET

Tidleg i september hadde Noregs Mållag og Hordaland Mållag på trykk ein kronikk i Bergens Tidende med tittelen: «Skal Sogn og Fjordane bli styrt frå Bergen?»

Dette var eit politikkområde der det var mange ulike politiske signal, og me meinte at nynorsken kunne koma uheldig ut. Vestlandsregionen vart lansert 15. september 2016 med intensjonsavtale mellom dei tre vestlandsfylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. I avtalen tok dei ikkje stilling til kva språk den nye regionen skulle verta administrert på. Fylkesordføraren i Rogaland, Solveig Ege Tengesdal, uttalte at for dei er det ikkje naturleg med nynorsk som administrasjonsspråk. Eit bilete med teksten «Vestlandet treng nynorsken» vart lagt ut på sosiale medium. I løpet av fyrste dagen var saka delt 208 gonger og sett av 44 329 menneske. Dagen etter sende Mållaget ut ei pressemelding som vart publisert på facebookside vår. Ho vart likt 1400 gonger, delt 135 gonger og sett av 47 930 menneske. Denne saka kom til å prege heile hausten, og Noregs Mållag la til sides mange andre oppgåver mellom september og desember for å sikra eit godt språkvedtak.

Ein ny storregion utan nynorsk administrasjonsspråk vil nynorskbrukarane tapa stort på.

Noregs Mållag koordinerte det vidare arbeidet i den samla målrørsla. Gjennom hausten var det jamlege møte mellom Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum, Noregs Ungdomslag og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar om arbeidet. Samstundes hadde fylkeslaga våre eit stort ynske om koordinering og systematisering av arbeidet og i tillegg hjelp til å få laga materiell og stoff på sosiale medium som dei kunne bruka. Sentralllekken og fylkeslaga hadde også jamlege telefonmøte for å fordela arbeidsoppgåver og halda kvarandre oppdaterte på kva arbeid som var gjort og kva som måtte gjerast. Alt i alt hadde Mållaget og nærskylde samarbeidspartnarar ti telefonmøte om saka i perioden 5. oktober til 15. desember.

Nynorsk kultursentrum laga eit framlegg til språkreglar som målet var at den nye storregionen får vedteke, saman med ei setning om at den nye storregionen skal verta administrert på nynorsk. Når avtalen mellom dei tre fylka vart lagd ut på høyring, starta arbeidet med å få så mange som mogleg til å levera høyringssvar. Mållaget samla seg om arbeidet langs to liner: Politisk påverknadsarbeid for å få slege fast at nynorsk skal vera språket i ein eventuell ny region, og for å få språkreglane vedtekne og arbeid for å få flest mogleg til å levera nynorskpositive høyringssvar i høyringsrunden.

Saman med Hordaland Mållag laga me samlesida #nynorskregionen for høyringsaksjonen på Facebook. Hordalandsskrivaren administrerte denne sida og la ut oppmodingar, sitat frå høyringssvar og videoar med oppmoding om å senda høyringssvar. På nm.no laga me ei samleside med tips til forfattarar av høyringssvar. Me laga også eit flygeblad i 3000 eksemplar om saka som me distribuerte breitt på Vestlandet.

Styret, skrivearbeid, fylkes- og lokallag og einskildmedlemer arbeidde intenst for å få flest mogleg frå-



segner. Åttåt andre tiltak, sende me mellom anna sms til alle medlemene våre på Vestlandet med oppmoding om å senda inn svar.

Samstundes gjorde me eit stort arbeid inn mot politikanne og eit aktivt mediearbeid. Noregs Mållag var representert i debattar, tv-intervju, radioprogram og vart jamt intervjuet i media. Den 29. september heldt Rogaland Mållag saman med Noregs Mållag ei punktmarkering i Stavanger. I surt vår møtte 50 personar opp og støtta opp om parolen «Nynorsk er naturleg i Rogaland». I november vitja leiaren i kommunal- og forvaltingskomiteen på Stortinget, Helge Andre Njåstad (FrP), landsrådsmøtet til Noregs Mållag og synte stor forståing for nynorsk i den nye regionen.

Då høyringsfristen gjekk ut, synte det seg at engasjementet vart langt større enn me hadde sett føre oss. Av 859 fråsegner var det 706 som ynskte at den nye regionen skulle gjera vedtak om å bruka nynorsk. Og kanskje meir overraskande: av 550 personlege fråsegner for nynorsk, var det berre 51 % av dei som var mållagsmedlemer. Det synte at engasjementet for nynorsken på heile Vestlandet er temmeleg stort.

Den 13. desember 2016 vart det klart at Rogaland ikkje vil vera ein del av den nye regionen. 17. januar vart Sogn og Fjordane og Hordaland samde om ein intensjonsavtale for ei eventuell samanslåing av dei to fylka til ein region. Etter at Rogaland trekte seg, forhandla dei to attståande fylka fram ein ny avtale. I den nye avtalen vart det slege fast at: «Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på» og at: «Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen». Medan saka stod på hausten 2016, fekk Noregs Mållag 593 nye medlemer.

Før sumaren 2017 vedtok Stortinget å gjennomføra fylkesreforma. Stortinget vedtok å slå saman Horda-



VALKAMP: Jakkemerke som vart laga som illustrasjon til Norsk Tidend før valet i 2017. (Foto: Kjartan Helleve)

land og Sogn og Fjordane, Aust-Agder og Vest-Agder, Vestfold og Telemark, Oppland og Hedmark, Buskerud, Akershus og Østfold og Troms og Finnmark. Rogaland, Oslo, Nordland og Møre og Romsdal held fram som eigne fylke. Frå før har Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag vedteke å slå seg saman, og dei vil vera den nye regionen Trøndelag frå 1. januar 2018. Det er nynorskkommunar i alle dei nye regionane utanom Troms, Finnmark og nye Trøndelag. Samanslåinga mellom Hordaland og Sogn og Fjordane brukte mållaget mykje tid på hausten 2016 og fekk til eit godt vedtak som sikra at den nye regionen skal verta ein nynorsk-region.

REGIONREFORMA ETTER VEDTAK

Vinteren 2018 har Noregs Mållag teke kontakt med fylkesmållaga Austmannalaget, Valdres, Fylkesmållaget Vikværingen, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder med spørsmål om korleis dei ynskjer å arbeida for å få vedteke best moglege språkbruksplanar for dei nye fylka. Førebels har det vore fleire telefonmøte med laga og sendt ut eitt lesarbrev til avisene og NRK i Hedmark og Oppland. Det er no utarbeidd nokre krav som me vil prøva å få vedteke av Fellesnemndene i Agder, Innlandet, Vestfold og Telemark og Viken.

ADMINISTRASJONSMÅLET I MØRE OG ROMSDAL

Fylkesrådmannen tok hausten 2015 opp spørsmålet om fylkeskommunen burde gå frå nynorsk til språknøytralt administrasjonsspråk. Noregs Mållag

arbeidde med saka heile vinteren 2016, saman med LNK, Nynorsk kultursentrum og NMU for å få til rett vedtak. Måndag 11. april, berre fire dagar før førre landsmøtet til Noregs Mållag i 2016, vart vedtaket om framleis å halda på nynorsk administrasjonsspråk fatta med 25 mot 22 røyster.

KOMMUNEREFORMA

Mållaget har lenge arbeidd med å sikra at ikkje nynorsken vert svekt gjennom kommunesamanslåingar. I det arbeidet har me både vore i kontakt med stortingspolitikarar og med kommunane og lokallaga våre i dei områda der nynorsken kan gå tapt i prosessen. Nynorskkommunar er garantistar for nynorsk tekstproduksjon og praktiske døme på at nynorsk er det vanlege språket i nokre delar av landet. Røynsler frå tidlegare seier oss at nynorsken på sikt vil stå svakare i barnehage og skule dersom han fyrst fell bort som administrasjonsmål. Det er viktig for den framtidige språkstoda i Noreg at ikkje nynorsken taper terreng i kjølvatnet av strukturelle endringar som hadde heilt andre føremål.

1. oktober 2016 kom innstillingane frå Fylkesmenene til kva kommunar dei tilrådde samanslegne. Desse tilrådingane vart i stor grad følgde av regjeringa og Stortinget.

Det er sju samanslåingar der éin eller fleire nynorskkommunar vert slegne saman med bokmålskommunar eller nøytrale kommunar:

- Bø og Sauherad
- Stavanger, Rennesøy og Finnøy

- Forsand og Sandnes
- Ålesund, Skodje, Sandøy, Sula, Haram, Giske
- Molde, Midsund, Nesset
- Fræna og Eide

I fleire av desse sakene har mållaget arbeidd for å få til gode vedtak som sikrar nynorskbrukarane og nynorskbruken. Språkspørsmålet har vore eit tema i debatten i ålmenta i både Rogaland, Telemark og Møre og Romsdal. Den største sigeren er at nye Ålesund kommune i sin felles intensjonsplan har vedteke: «Kommunen skal ha nynorsk som målform i tråd med reglar for målbruk, slik dei går fram av vedlegg til denne intensjonsavtalen». Bø og Sauherad har vedteke dette: «Målform: Kommunen vil ta omsyn til at innbyggjarane har ein levande dialektbruk og både har bokmål og nynorsk som hovudmål. Den nye kommunen skal legge til rette for aktiv bruk av begge målformene. Kommunen skal utarbeide ein målbruksplan som konkretiserer korleis ein kan forvalte begge målformene.»

Nye Stavanger kommune har ikkje kome til nokon klåre formuleringar enno, og mållaget både sentralt og lokalt har arbeidd med å få til gode formuleringar og har vore til stades på fleire møte om saka.

Stadnamnlova

Regjeringa har sett i gang arbeidet med å endra lov om stadnamn. Grunneigar skal få meir, eller all, innverknad på skrivemåten av namnet på eige gardsbruk. Noregs Mållag vil fylgja med i arbeidet og gjera sitt til å hindra utvatning av lova og gjeva høyringssvar når framlegget kjem.

I perioden har det vorte føreslege og gjennomført fleire endringar i stadnamnlova. Hausten 2016 vart ei forskriftsendring sendt på høyring. Noregs Mållag sende inn høyringsfråsegn der me peika på at forskrifta etter vårt syn gjekk langt i å fjerna gode presiseringar til forståinga av lovteksten. Slik me såg det, vart handsaminga av forskrifta endå ei svekking av stadnamnforvaltninga, der lova vart svekt på viktige punkt i 2015. Forskriftsendringa vart vedteken. Hausten 2017 vart nye særreglar for skrivemåten til norske stadnamn sende på høyring av Språkrådet. Desse er ei oppfylgning av den forskriftsendringa som vart vedteken i 2017. Dei nye særreglane opnar for meir dialektnære skrivemåtar og mindre normering av stadnamn etter rettskrivingsreglane. Mållaget leverte eit høyringssvar som peika på at dei nye reglane gjer stadnamnnormeringa uoversiktleg, upraktisk og vanskeleg å nytta. Noregs Mållag meiner stadnamn også i framtida må handsamast som rettskrivingsobjekt styrte av norsk rettskriving.

Hausten 2017 kom endå ei ny endring av stadnamnlova på høyring. No ville departementet endra stadnamnlova slik at ein oppheva namnevernet for kommunale- og fylkeskommunale namneval. Noregs Mållag leverte høyringssvar der me peika på at særleg kommunane har ansvar for mange namneval av lokale stadnamn. Om namnevernet vert oppheva for desse namnevala, opnar ein potensielt for å fortrenge mange stadnamn med lang tradisjon. Noregs Mållag er òg uroa for at kommersielle interesser kan vega tyngre i namneval enn ynsket om å verna dei språklege kulturminna som stadnamna er. Nedervde namn, og skrivemåtar som byggjer på nedervde uttaleformer, vil i dei fleste høve vera betre eigna enn nykonstruksjonar. Gjennom å oppheva namnevernet for kommunale og fylkeskommunale vedtak om val av norske stadnamn føreslår Kulturdepartementet ei alvorleg svekking av vernet om stadnamn som kulturminne.

Nynorsk som sidemål

Noregs Mållag vil arbeida for at alle elevar møter nynorsk alt frå barnehagealder og at dei lærer å bruka språket gjennom heile skulegangen. Mållaget skal arbeida for at styresmaktene set i gang eit positivt sidemålsforsøk for nynorsk, der alle bokmåselevar på eit årskull nyttar nynorske læremiddel og får undervisninga på nynorsk i eitt fag. Noregs Mållag vil arbeida for at alle elevane vert prøvde både i hovudmål og i sidemål på eksamen på studiespesialiserande utdanningsprogram og på påbyggingsåret som gjev generell studiekompetanse. Krava til hovudmåls- og sidemålssvara skal vera dei same. Sidemåls- og hovudmålseksamen skal vera samstundes, men på to ulike dagar. Noregs Mållag meiner at gjeldande sidemålsordning i skulen skal halda fram.

Noregs Mållag vil òg arbeida for at elevar med minoritetsbakgrunn får oppfylt retten til å skriva nynorsk. Mange elevar med minoritetsbakgrunn vert i dag fri-tekne frå undervisning og vurdering i sidemål. Det gjeld òg mange av dei som er fødte og oppvaksne i Noreg. Praktiseringa av lovverket må vurderast.

NYNORSK I ANDRE FAG ENN NORSK

I perioden har me hatt orientering om å velja nynorsk i andre fag enn norsk for norsklærarar i Skedsmo, for alle rektorane i tromsøskulen, med Finnfjordbotn vgs, med Bodø kommune, Tromsø kommune og Vadsø kommune. Både i Bodø (ungdomsskule) og Tromsø (vgs) har det vore gjennomført slike tiltak tidlegare. Alle stader der me har vore, vert me møtte med interesse, og det bør vera eit stort grunnlag for å auka talet på skular som set i gang med dette. Møta med kommunane i Nord-Noreg var samstundes med målferd på vidaregåande skular i landsdelen.



NYSKAPING: LNK og Framtida gjer ein framstøyt mot born gjennom Framtida junior, som kjem både som nettavis og papiravis. (Foto: Framtida)

TIDLEG START

I 2015 vedtok Bergen bystyre å innføra tidleg start med sidemål i grunnskulen frå 3. klasse. Våren 2017 var forsøksskulane klare. Desse skulane skulle vera med: Liland skole (bokmålsskule), Haukeland skole (bokmålsskule), Ådnemarka skole (bokmålsskule), Salhus skule (nynorskskule) og Trengereid oppvekststun (nynorskskule).

I september 2017 var Noregs Mållag, Bergen Mållag og Hordaland Mållag på møte med byråd for barnehage, skule og idrett, Pål Hafstad Thorsen, og Jan Eide, leiar for utdanningsavdelinga. Mållaget ville ta opp vår uro for at tidleg start-prosjektet skulle føra til meir bokmål i dei nynorskskulane som er med i prosjektet. Bergen kommune peikar på at prosjektet er eit nynorskprosjekt og handlar om meir nynorsk, ikkje om meir sidemål. Det er utarbeidd ein prosjektplan som dei samarbeider med Nynorsksenteret om. Det har også tidlegare vore sett i gang sidemålsprosjekt mellom anna i Arna, men dette er arbeid det ikkje er dokumenterte resultat frå å byggja vidare på. Sjølve ramma rundt har altså ikkje vore god nok, og dei vil difor byggja dette nye prosjektet opp frå botnen av. Skulane har likevel gode minne frå den førre nynorsksatsinga. Det er heilt tydeleg at ein ekstra innsats er noko som vil kunna verta møtt med positivitet og pågangsvilje.

HEIL-ENGELSK UNDERVISNING I OFFENTLEG SKULE

Det har vorte stadig fleire privatskular som tilbyr grunnskuleundervisning der alle faga vert presenterte på engelsk. Ved ei teljing for skuleåret 2016–2017 kom me fram til at det gjekk over 3500 elevar på slike «International Schools». Hausten 2016 oppretta den offentlege skulen i Oslo eit «svar» på dette tilbodet, som innebar at frå skulestart skulle all undervisning for 80 elevar i 1.–4. klasse på Manglerud skole vera på engelsk som ei forsøksordning fram til 2020. Det var første gongen i offentlig skule i Noreg. Noregs Mållag reagerte med presseutspel og innslag i radio og TV. Me er uroa for at om denne utviklinga grip om seg, vil det føra til ei alvorleg svekking av bruken av norsk språk i norsk skule, og det vil styrkja ei utvikling som går i retning av at engelsk vert det einaste brukte språket i norsk undervisnings- og arbeidsliv. Eit liknande offentlig prøvetilbod om engelskundervisning vart føreslege i Bergen hausten 2016, og me hadde eit presseinnlegg mot det 18. oktober. Framlegget fall i bystyremøtet dagen etter.

I media vert det somtid i sidesmålsordskiftet drege fram at om lag ein tredel av elevane i osloskulen har fritak frå sidemål. Noregs Mållag har fått oversyn over talet på fritak frå vurdering i sidemål i osloskulen sidan 2008. Dei siste åra har det vore om lag 1400 av tian-

deklassingane som har fritak frå vurdering i sidemål i Oslo. Det utgjer om lag 26–27 % av alle elevane.

Det finst ikkje noko nasjonalt oversyn over kor mange som har fritak frå vurdering i sidemål. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har noko slikt oversyn.

Etter regelverket skal slike fritak gjevast som enkeltvedtak. Det vil seia at for kvar einaste elev som skal få fritak frå vurdering i sidemål, skal skulen dokumentera at eleven ikkje er i stand til å fylgja vanleg norskundervisning. I perioden har me hatt munnlege førespurnader til einskilte skular i Oslo, og ingen av desse kan visa til at alle elevane har fått enkeltvedtak om fritak frå vurdering.

Tverrfagleg skriveopplæring

I Kunnskapsløftet er lesing og skiving grunnleggjande ferdigheiter i alle fag. Noregs Mållag vil arbeida for at nynorsk er medrekna når lese- og skriveferdigheiter blir konkretiserte i undervisninga. Noregs Mållag vil arbeida for at skular, lærarutdanningane, forlag som tilbyr opplæringsmateriell og dei nasjonale opplærings-sentra legg til rette for nynorskopplæring i alle fag.

FORUM FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Dette er forumet der Utdanningsdirektoratet møter representantar for ulike nynorsktiltak. Det har vore to møte i denne perioden, det fyrste 3. februar 2017 og det andre 15. februar 2018. I det fyrste møtet var tema oppfølging av språkdelt ungdomsskule, og Udir opplyste at ordninga skulle ut på høyring til kommunane, slik det skjedde hausten 2017. Me pressa på for å få betre tilsyn med norskundervisninga for nynorskelevar og uttrykte skepsis til forsøket med færre karakterar i norsk, der sluttrapport skal leverast i juli 2018.

I møtet i februar 2018 var det viktigaste temaet flaumen av digitale appar og program som kjem inn i skuleverket og blir nytta som læremiddel samstundes som dei ikkje går inn under definisjonen av læremiddel i opplæringslova. Me spelte inn at Utdanningsdirektoratet bør setja i gang tilsyn med dette læremiddelproblemet og eventuelt gå inn for ei innskjerping av forskriftene til lova. Ikkje noko av dette kunne leiinga i Utdanningsdirektoratet seia ja til på ståande fot, men dei har lova at dei skal «vurdera ein type tiltak».

I same forummøte kom karaktervurderinga i norsk-faget opp, og det var tydeleg at direktoratet gjerne ser ein reduksjon av talet på karakterar. Me talte imot dette, nett på bakgrunn av at den reviderte læreplanen har større fordjuping som mål.

Tospråkleg oppvekst

Born over heile landet bør få møta nynorsk så tidleg

som mogleg. Lokallaga i Noregs Mållag må arbeida for at barnehagar skal lesa nynorskbøker og høyra på nynorske lydbøker.

Sentrallekken skal halda fram med samtalanane med leiinga i NRK og inspirera dei til å halda fram den gode utviklinga når det gjeld språket i barneprogram. Ein bør òg prøva å få til møte med representantar for kommersielle barnekanalar. Målet må vera at alle born som veks opp i Noreg, oppfattar nynorsk som ein naturleg og sjølvsgd del av den språklege kvardagen.

Når bokmålet har såpass stor overvekt som det har, er det eit stort arbeid å sikra tospråkleg oppvekst. Styret har plukka ut nokre få arbeidsfelt me har arbeidd med.

BOKPAKKER

Noregs Mållag inviterer lokallaga til å gje bokpakker i gåve til lokale barnehagar. Samarbeidet vårt med Samlaget og Skald om rabatterte bokpakker heldt fram i årsmeldingsperioden, og båe forlaga melder om gode salstal. At born møter nynorsk frå dei er små, er vesentleg for haldningane deira til nynorsk og deira eiga språkutvikling. Etter at Skald sette saman ei pakke på nyåret i 2016, selde dei over 80 bokpakker det året, og gjekk til slutt tomme for ein del titlar. I 2017 sette dei saman ei ny pakke, som dei selde om lag 15 av. Dei planlegg å oppdatera tilbodet i 2018. Etter å ha selt over 1000 bøker i 2015, melder Samlaget om gode tal også denne årsmeldingsperioden. I 2017 selde dei 100 bokpakker à fem bøker, altså 500 barnebøker, til 15 ulike lag over heile landet. Tala for 2016 har vore vanskelege å finna, då det var same pakke i 2016 som i 2015, men truleg er tala ein stad mellom 500 og 1000 bøker.

SAMARBEID MED SAMLAGET

Skrivarstova har hatt relativt faste møte med Samlaget. Målet med desse møta er å finna vegar ein kan lyfta opp nynorsk barnelitteratur. Det siste arbeidsåret har møta dreidd seg mykje om korleis lokallaga kan vera med og feira at Samlaget rundar 150 år. Samlaget bidreg med mykje materiell til Nynorskstafetten. I tillegg har mållaget vore representert på møte i det uformelle Nettverk for nynorsk barnelitteratur. Mållaget var også representert då Skald lanserte sin serie med verdslitteratur, med høgtlesing på nettet.

MØTE MED NRK SUPER

I september 2017 hadde NRK Super 26,6 prosent nynorsk i sine sendingar til då i 2017. Dei arbeider målretta med å auka tilbodet av nynorskprogram i nettspelaren sin, og dei prioriterer å bruka nynorsk i sosiale medium som til dømes Instagram. På nettsida er det derimot mindre nynorsk i dag. Framover vil dei arbeida med å syta for at utanlandske seriar vert dubba

utanfor det sentrale austlandsområdet, utvikla figurar som bruker nynorsk og kursa tilsette. Til dømes nyttar den nye dokka Perla nynorsk normaltalemål. Dei er òg opptekne av at deltakarane i MGP Junior skal koma frå heile landet. Alt i alt gjer NRK Super ein svært god jobb med å visa fram nynorsk og dialekt i tekst og tale.

STORKEN

Våren 2017 hadde den til dels norskproduserte teiknefilmen *Storken* premiere. På initiativ Hørselshemmedes landsforbund vart filmen sendt ut med teksting både på bokmål og nynorsk. Mållag sende ut ei oppføring til alle kinoane i Noreg om å nytta den nynorske tekstinga. Det vart også sendt ut ei pressemelding om same emne.

Nynorsk i media

Noregs Mållag skal arbeida for meir nynorsk i media gjennom å styrkja dei nynorske avisene, tidsskrifta og publikasjonane som finst, og stø opp om dei som måtte koma til. Me vil sikra best mogleg rammevilkår for slike. Me vil arbeida for å halda oppe pressestøtta. Noregs Mållag sentralt skal også fylgja opp arbeidet med å oppheva nynorskforbodet på redaksjonell plass i dei riksdekkjande avisene.

RAPPORT OM NYNORSK JOURNALISTIKK

Noregs Mållag har teke eit initiativ til å skriva ein rapport om nynorsk journalistikk i lag med NRK Nynorsk mediesenter, Nynorsk avissenter, Nynorsk pressekontor og Kringkastingsringen. Planen er at rapporten skal verta ei god verktøykasse for redaksjonar av alle slag som ynskjer å nytta meir nynorsk. Dei fem organisasjonane og institusjonane har samla ei rad gode døme frå Medie-Noreg som andre kan læra av. Noregs Mållag har engasjert Øystein Skjæveland for å skriva rapporten, som vil vera eitt av bidraga frå Noregs Mållag i Vinje-året 2018.

MØTE MED KRINGKASTINGSSJEFEN

Ein gong i året har Mållaget, Kringkastingsringen og Norsk Målungdom møte med kringkastingssjefen. På møtet i 2017 var det særleg snakk om korleis NRK fylgjer opp handlingsplanen for meir nynorsk på alle NRK-plattformer. Målrørsla meiner det er viktig at målet om 25 prosent nynorsk ligg fast og at det må gjelda uavhengig av korleis NRK publiserer journalistikken sin: Lyd publisert rett på nett (som til dømes podkast) vert ikkje målt i dag. NRK ligg for tida mykje betre an enn tidlegare år når det gjeld å nå kravet, og er opptekne av å visa fram nynorsken i alle typar sendingar. Mållaget peika på at NRK bør fortelja journaliststudentar at nynorskkunnskap er ein føremon.

Språksjefen har innført nulltoleranse for sleivete kommentarar om nynorsk mellom dei tilsette i NRK.

HØYRING OM NOU (NOREGS OFFENTLEGE UTGREIINGAR) OM MEDIEMANGFALDET

Åmås-utvalet leverte sin NOU om framtidens mediemangfaldspolitik i mars 2017, og Noregs Mållag var raskt ute og reagerte på at den nesten 200 sider lange utgreiinga ikkje handsama spørsmålet om det språklege mangfaldet i Noreg utanom samisk. Mållaget sa òg tydeleg frå om at konsekvensane av å vri på støtteordningane slik utvalet gjorde framlegg om, ville verka i favør av det alt dominerande bokmålet i pressa. I juni 2017 leverte Noregs Mållag vårt høyringssvar til NOU-en. Der peika me på god opplæring i både nynorsk og bokmål for journaliststudentane, føreseieleg finansiering, tydelege konsesjonskrav om språk for allmennkringkastarane og verdien av nynorske tiltak. Me la òg vekt på at det er viktig å forsterka politikken for å styrkja samisk- og kvenskspråklege medium.

TV2

4. mai 2016 lyste regjeringa ut ny konsesjon som kommersiell allmennkringkastar i Noreg, ein konsesjon TV2 har hatt sidan tidleg nittital. Utlysinga var utan krav om å bruka nynorsk, og Noregs Mållag reagerte raskt på at dette kravet var fjerna. Mållaget roste derimot kulturministeren for framleis å halda på kravet om dagleg nyhendeproduksjon i Bergen. I oktober same år leverte mediemangfaldsutvalet, leidd av Knut Olav Åmås, ei delinnstilling om framtidens finansiering av den kommersielle allmennkringkastaren, men også her var nynorskkravet borte. Mållaget reagerte på nytt, og stor var difor gleda då kulturministeren i desember la fram ei stortingsmelding der kravet var inne. Noregs Mållag skulle helst sett at Bergen framleis skulle vera hovudsete, men det er likevel positivt at det er krav om å halda til utanfor Oslo. Då fristen gjekk ut i september 2017, var TV2 einaste søkjar.

«HJEMMEBANE» VART «HEIMEBANE»

Med utgangspunkt i ein leiarartikkel i Vikebladet Vestposten reagerte me på at ein NRK-serie som vart spelt inn i Ulsteinvik med Ane Dahl Torp og John Carew, skulle ha som tittel «Hjemmebane». I samarbeid med Sunnmøre Mållag og språkansvarleg i NRK fekk me endra tittel på denne serien som gjekk på NRK vinterein 2018.

MÅLPRISEN TIL GARD STEIRO

10. mars 2017 stod saka «Endeleg kan 'verdas tyngste kvinne' smila igjen» på trykk hos VG, og dermed var nynorskensuren i landets største avis broten ein gong for alle. Det var journalist Jostein Matre som fekk æra av å setja den fyrste nynorskartikkelen på prent. Seinare har det kome fleire artiklar på nynorsk både på papir



HEIDER: Redaktør Gard Steiro vart heidra med Målprisen 2017 for å ha sleppt til nynorsk i spaltene til Verdens Gang.. (Foto: Kjartan Helleve)

og nett, og talet på nynorske kronikkar har òg auka. Som takk for denne svært gledelege endringa fekk VG-redaktør Gard Steiro Målprisen frå Noregs Mållag 17. oktober 2017. Prisen vart delt ut på inspirasjonsdagen for lærarar som mållaga i Oslo-området skipa til på Det Norske Teatret. «På vegne av VG vil eg takke styret i Noregs Mållag. Dette er ei stor ære. Sjølv ein innbarka bladfyk vert litt audmjuk i ei slik stund», sa Steiro til dei mange frammøtte.

FREDRIKSSTAD BLAD PÅ NYNORSK

25.–27. oktober 2016 arrangerte Østfold Mållag festivalen «Hællæ nynorsk» på Litteraturhuset i Fredrikstad. Som ein del av festivalen vart heile utgåva av Fredrikstad Blad for 25. oktober sett om til nynorsk og lagt ut som e-avis parallelt med e-avisa på bokmål.

Religion og livssyn

Noregs Mållag skal arbeida for at nynorsk får breiast mogleg plass i administrasjon, gudstenesteliv og i andre kyrkjelege handlingar. Den kyrkjelege administrasjonen må halda seg til mållova. Mållaget vil særleg følgja opp tilbodet om trusopplæringsmateriell på nynorsk og stilla som eit absolutt krav at alt materiell skal liggja føre til same tid på begge mål. Noregs Mållag skal også arbeida for at nynorsk vert nytta i andre livssyns- og trussamfunn.

HØYRING OM NY LOV OM TRUDOMS- OG LIVSSYNSAMFUNN

Hausten 2017 sende Kulturdepartementet på høyring ny lov om trudoms- og livssynssamfunn. Denne lova skal erstatta kyrkje-lova, trussamfunnslova og livssynssamfunnslova. I lova som var sendt ut på høyring, var ikkje målbruk i kyrkja eller i andre trudoms- eller livssynssamfunn omtala. Noregs Mållag peika på at målbruken i kyrkja ikkje er nemnd i høyringsnotatet. I dag er Den norske kyrkja underlagt lov om målbruk i offentleg teneste som ein del av statstenesta. Det må ho halda fram med. Kyrkja har eit stort kulturpolitisk ansvar som formidlar av det nynorske kyrkjespråket og den nynorske kyrkjelege kulturarven i form av salmar og liturgi. I dag avgjer kvart sokn sjølv, etter røysting, kva språk kyrkja skal nytta. Dette må vidareførast i den nye organiseringa av kyrkja. Me spela òg inn at andre trudoms- og livssynssamfunn også bør få høve til å utøva religionen sin på nynorsk. Difor må trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, møta eit krav om at dei må gje born og unge i nynorskområde nynorsk trusopplæring.

Det har lenge vore klårt at frå 1. januar 2017 var statskyrkjeordninga historie. Det har vore eit ope spørsmål om kva tilhøve Den norske kyrkja skulle ha til mållova og krava der. Noregs Mållag har fått vita frå Kyrkerådet at dersom organiseringa av og kring Den norske kyrkja i framtida vil verta slik at mållova ikkje



MEIR HEIDER: Fjord I fekk Næringslivsprisen 2017. Frå venstre: Magne Aasbrenn, Hilde Anita Røyrvik og Cicilie Færestrand frå Fjord I, og jury-medlem Arne Hjeltnes. (Foto: Kjartan Helleve))

gjeld, må Kyrkjemøtet ta stilling til dette. Kyrkjemøtet kan då velja å vedta at kyrkja skal halda fram med å fylgja mållova, slik ho gjer i dag.

I desember 2017 tok me kontakt med Kyrkjerådet att på bakgrunn av meldingar om at somme kyrkjelydar no brukte bokmål på stader der det før var nynorsk. Dette vert fylgt opp i 2018 med møte med Kyrkjerådet sin nyttilsette jurist. Den norske kyrkja er mellom dei flinkaste nasjonale institusjonane til å bruka nynorsk og fortener ros for det. Men det er også viktig for Mållaget å søkja å følgja opp det som ikkje fungerer godt nok.

ANDRE TRUDOMSSAMFUNN

Noregs Mållag har vore i kontakt med muslimske miljø i hovudstaden for å byrja arbeidet med å gje nynorsken innpass i muslimske trdomssamfunn. Eit heilt konkret samarbeid finn stad i landsmøtekommunen Vinje, der me tok initiativ til eit møte mellom Vinje Mållag og Vest-Telemark muslimske trdomssamfunn i moskéen i Åmot 31. januar 2018. Det fyrste, spede resultatet er at språket på ein plakat om islam i moskéen vert endra frå bokmål til nynorsk.

Me har òg arbeidd med å påverka Human-Etisk Forbund. Der opplyser dei at brosjyrane deira om humanisme, seremoniar og andre annonsar er både på bokmål og nynorsk. I tillegg har dei i 2018 sett av midlar til omsetjing av det som ikkje er på nynorsk frå før og utvikling av nytt materiell på begge målformer.

Nettsidene deira skal vera på nynorsk i dei fylka som bruker nynorsk.

Næringslivet

Noregs Mållag sentralt skal laga ein kunnskapsbank om nynorsk i næringslivet. Det er fylkes- og lokallaga som skal henta inn slik kunnskap og driva arbeid retta mot næringsliv, til dømes ved å hjelpe næringsdrivande med å marknadsføre seg på nynorsk og gje påskjøning til dei som gjer dette.

NYNORSK VERKSEMD

Sumaren 2014 lanserte Noregs Mållag ein kampanje som vart kalla Nynorsk verksemd. Noregs Mållag oppmoda folk om å ta bilete av verksemder som nyttar nynorsk og merkja dei med emneknaggen #nynorsk-verksemd på Twitter, Facebook og Instagram. Når skrivarstova får inn framlegg og tips, vert det sendt nynorsk verksemd-klistremerke til verksemda og eit takkebrev i posten. Det har halde fram gjennom heile perioden. Oversyn over nynorsk næringsliv ligg på nettsidene, men det er ikkje laga eigen kunnskapsbank.

NYNORSK NÆRINGS LIVSPRIS

Nynorsk næringslivspris har vorte delt ut to gonger i denne perioden. I 2016 gjekk prisen til Dyrsku'n i Seljord. Dette er ei svær messe i Telemark, i eit område der

bokmålspresset kan vera ekstra sterkt. Dei dreg nærare 100 000 publikummarar, ikkje minst frå Austlandet. Alt skriftleg materiale, nettsider og skilting er på nynorsk. Dei er vertskap for over 700 utstillarar og omset samla for rundt ein halv milliard kroner.

I 2017 var det Fjord1 som var mottakar av prisen. Dette er det største ferjeselskapet i landet. «Det er utruleg viktig å lesa nynorsk på veg til jobb og skule. Samstundes er Fjord1 i ein eigen klasse. Føretaket er no børsnotert, og det syner at nynorsk ikkje berre høyrer heime i lokale verksemdar», sa jurymedlem og framleggsstillar Arne Hjeltnes då prisen vart delt ut.

ANDRE NÆRINGS- LIVSTILTAK

I mars 2017 arrangerte Sogn og Fjordane Mållag med primus motor Torleik Stegane næringslivsseminar i Førde og på Sandane der tittelen var «Nynorsk løner seg». Temaet som vart teke opp for lokale næringslivsfolk og andre interesserte, var røynslar med å nytta nynorsk i bil- og forsikringsbransjen og i lokalt næringsliv. Foredragshaldarar var Geir Farsund, Einar Måseide og Mona Steiner Brekkan. Magne Aasbrenn snakka om «Nynorsk marknadsføring – profilering som gjer susen».

Under nynorskstafetten i Valdres i oktober 2017 vitja me tre lokale bedrifter med framlegg om at dei i samarbeid med «språkbanken» til dei lokale mållaga, burde gå over til å bruka nynorsk på nettsider og i reklame.

MÅLBLOME TIL JÆRMEGLEREN

Jærmegleren fekk målblome på vinterseminaret i februar 2017 for flott nynorskbruk i ei rekkje lysingar i tida før seminaret på Bryne.

VIPPS PÅ NYNORSK

På nyåret 2017 sende Noregs Mållag oppmoding til bortimot alle nynorskbankane som hadde gått inn i ei felles organisering for å tilby Vipps. Me oppmoda dei spesielt om å syta for at Vipps kjem i nynorskutgåve. Me har også vore i kontakt med styremedlemer i større nynorskbankar om saka. Me har fått fleire positive tilbakemeldingar på at det er mange som ynskjer å få til nynorskutgåve. Dei seier vidare at det er svært mange aktørar inne i samarbeidet, og tekniske utfordringar gjer at det ikkje er ei lettgjort oppgåve.

Nynorsk i den digitale verda

Noregs Mållag vil setja i verk og stø tiltak for å auka bruk av nynorsk på Internett og i sosiale medium.

NYNORSKTASTATUR PÅ MOBIL

Sumaren 2016 vart mobiltastaturet SwiftKey tilgjengeleg på nynorsk for mobiltelefonar som nyttar Android

som operativsystem. Windows-telefonar hadde då hatt nynorsktastatur nokre år, men dette var det fyrste større tilbodet. SwiftKey er ei gratis programvare tilgjengeleg for nedlasting i Google play store. Selskapet er eigd av Microsoft, og det var Swiftkey sjølv som tok kontakt med Noregs Mållag for å få hjelp til testing og spreiding av nynorskversjonen. Det same skjedde i 2017 og enda med at Swiftkey i mai lanserte nynorsktastatur for iOS, til iPhone, iPad og iPod touch.

NYNORSK FACEBOOK-APP

I dag er det slik at ein kan velja å ha Facebook på nynorsk på datamaskina. Fleire har spurt kvifor appen på mobilen då har bokmålstekst. Vi har fått oppklart av omsetjarane at det samla for Facebook no er litt over 80 % av teksten som er omsett til nynorsk. Det talet må auka til rundt 95 % før nynorsk går frå å vera definert som betaversjon, til å verta fullversjon. For fullversjonane er appen automatisk med på rett språk.

Organisasjonar

Noregs Mållag skal i perioden arbeida andsynes fritidsindustrien, underhaldningsbransjen og store organisasjonar som til dømes Raudekrossen, fagrørsla og idretten for å få dei til å bruka meir nynorsk.

LO-kongressen i 2013 vedtok i sitt nye handlingsprogram (kapittel 11) at LO vil arbeida for likestilling mellom nynorsk og bokmål i arbeidslivet og samfunnet elles. På bakgrunn av dette vil Noregs Mållag invitera LO til samarbeid om korleis dette kongressvedtaket best kan fylgjast opp. Noregs Mållag vil òg byggja opp eit fagleg utval og nettverk for å styrkja stillinga til nynorsk i arbeidslivet og fagrørsla, spesielt i LO. Medlemsverving blant LO-medlemer og tillitsvalde blir òg prioritert.

På dette arbeidsfeltet har ikkje styret på langt nær gjort så mykje arbeid som me hadde ynskt. Det gjer til dømes at me ikkje har kontakta Raudekrossen eller idretten. Me har sidan 2016 prioritert arbeidet med LO.

NYNORSK I LO

På førre LO-kongress i 2013 gjorde organisasjonen dette historiske vedtaket: «LO vil arbeide for likestilling mellom nynorsk og bokmål. Dette innebærer at alle skal kunne bruke sin målform i arbeidslivet, at det blir god opplæring i begge målformer i skolen, og at mållova følges i praksis.» Noregs Mållag inviterte LO-sekretær Are Tomasgard til å halda hovudtalen på landsmøtet i 2016 der han inviterte til meir omfattande samarbeid. I november 2016 vart det så arrangert eit møte mellom leiinga i mållaget og dåverande LO-leiar Gerd Kristiansen. Eit eige lokallag for LO-tilsette i sentraladministrasjonen vart oppretta vinteren 2016/2017.



NYTT LAG: Mållaget i LO-administrasjonen var sjølvsagt representert på LO-kongressen. Her har lokallagsleiar Øyvind Rongevær fått besøk av Magne Asbrenn.

Tett på kongressen 8.–12. mai 2017 dreiv me eit omfattande lobbyarbeid i kontakt med delegatane. Resultatet vart at formuleringa frå 2013 vart ståande. I tillegg vart handlingsprogrammet styrkt med ei ny formulering frå delegat Atle Tranøy om at nynorsk også må ha ein naturleg plass i LO og forbunda sine skriftlege framstillingar. På den siste kongressdagen synte det seg at denne formuleringa ikkje var skriven inn i innstillinga frå komiteen. Då var det svært gledeleg å høyra den nyvalde LO-leiaren Hans-Christian Gabrielsen seia på nynorsk frå talarstolen at nynorskvedtaket sjølvsagt var tilrådd.

DEI NYE FJELLVETTREGLANE PÅ NYNORSK
Vinteren 2016 lanserte DNT (Den Norske Turistforening) nye fjellvettreglar. Då dei berre vart lanserte på bokmål, tok Mållaget kontakt. Etter å ha formidla omsetjingshjelp, var dei nye fjellvettreglane på plass på nynorsk før påske. Fjellvettreglane ligg til nedlasting på dnt.no/fjellvett. På direkte oppmoding frå Mållaget har DNT gjeve positive tilbakemeldingar på at dei vil få opp bruken av nynorsk i organisasjonen.

Nynorske kunnskapsbasar

Noregs Mållag vil slå ring om dei nynorske kunnskapsbasane innanfor norsk namnegransking og Norsk Ordbok og hindra nedlegging og oppløysing. Prosjekt-

slutt og stillingskutt trugar framtida for dei vitskaplege samlingane og set i fare det ovstore innsamlingsverket som grasrota i målrørsla har sytt for i meir enn hundre år.

Hausten 2017 vart inndelinga på Wikipedia endra slik at «Norsk bokmål» vart til berre «Norsk». Etter det måtte ein altså velja mellom «Norsk» eller «Norsk nynorsk». Noregs Mållag tok tak i denne endringa. Problemet vart teke opp i diskusjonsforumet der berre norske Wikipedia-utviklarar har røysterett, og i ei avrøysting der fekk ei «tilbakestilling» av språknamna – altså ei omgjerding til slik det var før – eit fleirtal på 23–10. Norske wikipedia-forfattarar har bede Wikipedia sentralt å endra dette tilbake. Ein representant frå Wikipedia skriv at dette vil verta gjort, men per januar 2018 har ikkje noko skjedd.

NORSK ORDBOK

9. mars 2016 vart tolvte og siste band av Norsk Ordbok lansert i Universitetets aula i Oslo. Fleire hundre personar, mellom anna kronprinsesse Mette-Marit, var til stades. Med dette var nesten åtti års ordboksarbeid over, sjølv om både digitalisering og oppdatering står att. Etter ein langvarig strid med Universitetet i Oslo er språksamlingane no flytta til Bergen, og Noregs Mållag har uttalt seg positivt om flyttinga. Fagleg leiar for

språksamlingane er no tilsett, og det er lyst ut ei rekkje nye stillingar som skal arbeida med prosjektet.

Nynorsk i akademia

Noregs Mållag skal saman med studentmållaga arbeida for å styrkja nynorsken si stilling som bruksspråk innanfor høgare utdanning og forsking, ved å syta for at læreseta tek på alvor sitt lovpålagde språklege ansvar og at nynorskbrukande studentar får oppfylt sine rettar. Me vil arbeida for at publisering og formidling på norsk skal svara seg.

Mållova seier at i alt publikumsretta, skriftleg tilfang som sentrale statsorgan lagar, skal båe målformene vera representerte med minst 25 prosent. Dette gjeld òg på heimesider, i sosiale medium og andre tekstar som institusjonane publiserer. Språkrådet har tilsyn med denne ordninga og skal få rapportar frå institusjonane om målbruken. I april 2017 skreiv nettavisa Khrono at ingen norske universitet eller høgskular oppfylte mållova i 2016. Noregs Mållag reagerte sterkt og var i debatt med rektor på Høgskolen i Oslo og Akershus, Curt Rice, om problemet på radio/TV-programmet Dagsnytt 18. Bodskapen var at no måtte dei ansvarlege ved universitet og høgskular slutta å handsama mållova som ei tullelov.

Me deltok på ein konferanse som Nordisk Gruppe for Parallelsproglighet heldt på Nasjonalbiblioteket 5. mai 2017. Leiaren for gruppa, professor Frans Gregeresen frå Københavns Universitet, la fram mange gode og praktiske tiltak for å sikra både dei nordiske heimespråka og internasjonalt samarbeid i akademia.

HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Den 30. august 2017 var det møte mellom Mållaget og leiinga ved Høgskulen på Vestlandet. Høgskuleleiinga presiserte at nynorsk skal brukast i offisielle dokument og i all profilering ved skulen. Mållaget rådde skulen til å peika ut ein ansvarleg som kan ha dei språklege retningslinene under oppsyn og syta for at vedtak

vert fylgde opp. Mållaget føreslo også at skulen kunne laga eigne forsøksordningar med tanke på å styrkja nynorskkompetansen. Me oppmoda om samarbeid med Bergen kommune, som no ynskjer å profilera seg sjølv som nynorsk hovudstaden i Noreg. I november 2017 la ei gruppe leia av Georg Arnestad fram eit forslag til språkpolitiske retningsliner for høgskulen. I desse retningslinene heiter det at eit eige språkpolitisk utval ved HVL skal ha ansvar for oppfylging og gjennomføring av språkpolitikken deira.

I november–desember vart det offentleg debatt om namnet på Høgskolen i Oslo og Akershus dersom han vert godkjend som universitet. Rektor Curt Rice gjekk inn for å døypa institusjonen «OsloMet», noko som møtte motstand både innanfor og utanfor mållagskrinsar. Me engasjerte oss med presseutspel og intervju.

EKSAMENSOPPGÅVER

Den 31. mai 2017 var me saman med Ås mållag i møte med rektor på Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet på Ås, Mari Sundli Tveit, om delen av nynorsk på nett og i andre publikasjonar og om episodar der nynorsk skrivande studentar ikkje har fått eksamensoppgåvene på nynorsk. Tveit gav uttrykk for at dette skulle rettast på og at målsaka skulle takast opp på leiarmøtet ved universitetet. Mari Sundli Tveit leiar kollegiet for alle rektorar ved norske høgskular og universitet.

Noregs Mållag gjekk ut i media då det vart kjent at NTNU i Gjøvik hadde så dårlege rutinar på å laga eksamensoppgåver at dei presterte å leggja fram byggfag-eksamen på «tulle»-nynorsk. I norsk høgare utdanning har kandidatar krav på å få velja målform, og på at oppgåvene språkleg sett ikkje er utforma på eit vis som forstyrrar konsentrasjonen rundt temaet for sjølve eksamen. Me veit at dette er eit problem på mange utdanningsinstitusjonar. Norsk Målungdom har dokumentert slike saker i mange år. Mellom anna har masterstudent Jorunn Simonsen Thingnes funne bøyingsfeil i 94,7 prosent av eksamensoppgåvene som er gjevne på nynorsk på Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet ved Universitetet i Oslo.

Nynorsk som fyrstespråk

Det er avgjerande viktig for framtida til det nynorske språket at ungar som veks opp med nynorsk, kjenner ein sterk identitet knytt til språket og held fram med å skriva det. Betre opplæring i språket og lettare tilgjenge til kultur i nynorsk drakt er viktige føresetnader for større meistring og sterkare kjensle av eigarskap.

Noregs Mållag vil i denne perioden arbeida for større medvit kring språk hjå elevar, barnehageungar, lærarar og skuleeigarar. Me vil gjennomføra ein leselystkampanje retta mot ungar i nynorskområda.

Noregs Mållag vil at sosiale medium som Twitter, Instagram, og nettenester som Netflix og Spotify skal koma på nynorsk.

Den personlege språkidentiteten skal styrkjast i barnehagen, så borna vert tryggare på seg sjølve og den språklege og kulturelle bakgrunnen sin. Noregs Mållag skal arbeida for at barnehageleva sikrar at det nedervde talemålet ikkje vert undergrave.

Denne fireårsperioden skal Noregs Mållag syta for at det vert kartlagt kva pedagogiske hjelpemiddel som finst til bruk i barnehagen. Målet er at alt materiell som vert gjeve ut med offentleg stønad, òg kjem på nynorsk.

Lokale mållag bør hjelpa barnehagane og barnehageeigarane til å forstå kor viktig det er med nynorske barnebøker.

BARNEHAGE

Dei siste fem åra har Noregs Mållag kvar haust vore på rundreise med Nynorskstafetten i nynorskområda. Her har me vitja skular og barnehagar for å snakka om nynorsk. På desse vitjingane ser me at barnehagane tek oppgåva med språkstimulering svært alvorleg. Men me ser diverre òg at svært mange barnehagar driv denne språkstimuleringa på bokmål for ungar som skal ta til i

nynorskklasser i skulen. Årsakene er fleire. Mangel på språkstimuleringsmateriell på nynorsk frå dei kommersielle aktørane som dominerer denne marknaden, er éi av dei. Ei anna ser ut til å vera at koplinga mellom språkstimuleringa i barnehagen og skriftspråkopplæringa i skulen er svak. Mange har ikkje reflektert over at å eksponera ungane for nesten berre bokmål i barnehagen, gjev dei ungane som skal læra nynorsk på skulen, eit handikap.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og kulturavisa Pirion har gjennomført ei spørjegransking til barnehagane i nynorskområde. Det var 254 barnehagar som svara, og desse svara stadfestar Noregs Mållag sine opplevingar (<http://pirion.info/images/barnehageunderskinga.pdf>). Granskinga syner at halvparten av barnehagane berre les til ungane på nynorsk éin til to gonger i veka eller sjeldnare, og nesten halvparten syng på bokmål for ungane fleire gonger for dagen. I tillegg opplyser 86 prosent av barnehagane at dei nyttar språkstimuleringspakker. Diverre nyttar nesten alle pakker som berre finst på bokmål.

Våren 2016 var stortingsmelding 19 *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen* lagd fram for Stortinget frå Regjeringa. Noregs Mållag møtte i open høyring hjå Familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Noregs Mållag leverte også inn ei skriftleg høyring og la vekt på fire innspel til føringar stortingsmelding 19 burde leggja for det vidare arbeidet med rammeplanen: 1) Rammeplanen må slå fast at born i skulekrinsar med nynorsk har rett til å få nynorsk i barnehagen. Det inneber at både offentlege og private barnehagar i desse områda skal bruka nynorsk i barnehagen. 2) Born med eit anna morsmål enn norsk må vera sikra ei god oppfølging i utviklinga av norsk som andrespråk. Det tyder at desse borna i nynorskområde også må sikrast nynorsk språkstimulering. 3) Alle born bør møta

nynorsk i barnehagen no og då. Det aukar forståinga av det språklege mangfaldet som finst i Noreg, og det aukar språkkompetansen til borna. 4) Det må utviklast meir materiell for språkarbeidet i barnehagane som også skal tematisera dialektmangfaldet, nynorsk og bokmål.

I oppfølginga av stortingsmeldinga og i arbeidet med ny rammeplan for barnehagane vart det laga opne høyringskonferansar fleire stader i Noreg. Noregs Mållag var representert på høyringskonferanse på Skei i Sogn og Fjordane 1. desember 2016. På nyåret i 2017 leverte Noregs Mållag høyringssvar til framlegget til ny rammeplan for barnehagane. I dette høyringssvaret gjorde me framlegg til tre konkrete endringar. Hovudpoenget var at i nynorskområde skal barnehagane fremja nynorskkompetansen til borna, ei tilsvarende setning som alt stod der om samisk i samiske område. Me bad om å få inn setninga: «Barnehagene i nynorskområde har et spesielt ansvar for at barna får utvikle sin språkkompetanse og språkforståelse på nynorsk». Me veit at det var fleire andre høyringssvar som også tok opp desse poenga. Men verken i stortingsmeldinga eller i rammeplanen fekk me gjennomslag for våre framlegg denne gongen.

Styret løyvde i 2016 pengar til eit bokprosjekt som forskarane Eli Bjørhusdal og Ingvild Brugger Budal stod bak. Boka kom ut på slutten av 2017 og heiter Nynorsk med dei minste. Ho inneheld mykje ny forskning om nynorsk i barnehagane, og ho er ei svært interessant og god bok for barnehagetilsette, barnehagelærarutdanningane og for oss som arbeider med å få meir nynorsk språkstimulering inn i barnehagelærarutdanninga og i barnehagane.

Me har også marknadsført bokpakker og formidla godt over 2000 bøker til barnehagane.

Nynorsk som opplæringsmål

Me vil auka talet på nynorskelevar og heva kvaliteten på opplæringa. Det finst særlege utfordringar knytt til det å bruka eit mindre brukt språk, og dette må styresmakterne ta inn over seg i utforming av læreplanar og andre føringar for undervisninga. Noregs Mållag skal arbeida for at nynorskelevar skal ha rett på, og få, opplæring i og på nynorsk gjennom heile den obligatoriske utdanninga.

Kvart år skiftar mange elevar frå nynorsk til bokmål. Dette er særleg eit problem i område der nynorsken står svakt utanfor skulen. Dette språkskiftet er det ei viktig oppgåve å avgrensa så mykje som mogleg. Me skal dra nytte av røynsleane frå prosjektet Målstreken til å setja i verk tiltak. I dette arbeidet er det viktig å få med styresmakterne. Me vil fylgja med på at initiativa frå Resursgruppe for nynorsk som hovudmål vert fylgde opp av Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Det bur stadig fleire nynorskbrukarar i bokmålsområde, og stadig fleire bokmålsbrukarar i nynorskområde. Medan det fyrste sjeldan gjev seg utslag i oppretting av nynorskklassar på bokmålskskular ser me at det vert oppretta stadig fleire bokmålsklassar i tradisjonelle nynorskområde. Sentrallækken skal fylgja opp alle som ynskjer å starta nynorsk parallellklasse. Mållag i bokmålsområde og randsoner bør fylgja opp foreldre som skal velja hovudopplæringsmål for ungane sine og argumentera for at kvar og ein bør velja nynorsk. Vidare må mållaga arbeida for at dei som har nynorsk som opplæringsmål, får best mogleg vilkår for å halda på nynorsken gjennom heile skuletida. Noregs Mållag krev at storbykommunane med stor innflytting: Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger får pålegg om å skipa nynorskklasse og går ut med tilbod til alle 6-åringar. Ordninga må finansierast av staten. Det må vera eit mål å gjennomføra minst éi offensiv skulemålsrøysting i arbeidsperioden. Ei røysting må ha lokale krefter som utgangspunkt. Noregs Mållag skal stilla naudsynte ressursar til rådvelde. Alle røysteføre i skulekrinsen skal vera med på å ta avgjerda om lokalt opplæringsmål.

TALET PÅ NYNORSKELEVAR

I perioden frå 1997, då 6-åringane kom inn i skulen, kan me samanlikna talet på nynorskelevar i 1.-10. klasse. I 1997 var det 87 436 nynorskelevar i skulen, og i skuleåret 17/18 er det 76 356 nynorskelevar i grunnskulen. Skuleåret 02/03 var det høgste nynorskelevtalet i denne perioden med 89 680 nynorskelevar. I løpet av fem skuleår frå 2002–2007 minka det med nær 4000 nynorskelevar. Det er dessverre nedgang enno, men det er gledeleg at nedgangen dei siste fem åra frå 2013 til 2018 har flata ut og er på 625 nynorskelevar. I skuleåret 16/17 var det ein auke på 160 nynorskelevar. Dette skuleåret gjekk det nasjonale nynorskelevtalet diverre noko ned att.

FOLKERØYSTINGAR

Det har vore åtte røystingar i perioden. I Tysvær vedtok kommunestyret å draga ein granneskule (Førland) inn i røystinga av di somme av elevane sokna til ungdomssteget ved ein av skulane som skulle ha røysting (Tysværåvåg). Nynorsk vann på fem skular og tapte på tre. Av dei åtte røystingane, var det berre på to skular at røystingane kom etter krav frå minst 25 % av dei røysteføre (Tonstad og Gjører). På to skular vedtok kommunestyra å halda røysting etter at foreldreutvala ved skulane bad om det. Ved tre skular kom røystingane etter beinveges vedtak i kommunestyra, utan noko krav frå dei røysteføre. På Engjom skule var røystinga resultat av samanslåing med ein bokmålskskule. Trass i at nynorsk vann i alle røystingane i Tysvær, har kommu-



JAMSTELT: Liva Thiis, Helga Mannsåker, Magne Aasbrenn, Åse Wetås og Terje Breivik møttest i Bergen i fjor haust til eit ordskifte om sidemålsordninga. (Foto: David Yttervik Seetiangtham)

nestyret vedteke å «utsetja» endeleg vedtak om hovudmål ved skulane.

Det er verdt å merka seg at opplæringslova opnar for at foreldre kan oppheva vedtak i kommunestyra om hovudmål ved den enkelte skulen. Alle foreldre kan velja å be om annleis opplæringsmål enn det som er vedteke for skulen. Dersom foreldra til minst ti elevar krev det, pliktar kommunen å oppretta ein eigen klasse (ei gruppe) med anna hovudmål enn det som er vedteke for skulen. Tidlegare var det eit atterhald i lova: Det måtte vera minst ti elevar att på klassesteget med det opphavlege hovudmålet. No er dette atterhaldet fjerna, og det har ført til at somme nynorskskular har til dels stort fleirtal av bokmålslevar. Det var tilfelle ved tre av skulane der det var røysting (Orstad, Grinde, Tysvær-våg). Ved somme skular kan dette føra til at nynorskgruppene kan verta svært småe, og dermed verta rekna som svært dyrt for kommunane. Dette var hovudårsaka til at kommuneadministrasjonane kom med framlegg om folkerøysting ved desse skulane.

På Gjøre skule, ein liten grendeskule øvst i Sunndalen, tok foreldra opptak til røystinga mellom anna fordi dei meinte lærebøkene hindra ei skikkeleg opplæring. Jamvel i lærebøkene i norsk viste det seg å vera rein bokmålsopplæring, og dette førte til stor frustrasjon frå foreldre og lærarar ved skulen. Etter at godkjenningsordninga for læremiddel vart fjerna, er det fritt fram for

alle å laga og spreia læremiddel utan at språket er kvalitetssikra. Dette er til stor ulempe for nynorskelevane.

Attåt desse røystingane har det vore uro om skulemålet mange stader, mellom anna i Sør-Fron og Hægebostad. Den enorme almenne auken i tekstproduksjon har ført til at målstoda utanfor skulen mykje godt avgjer målbruken i skulen. Difor vert det avgjerande frametter at Noregs Mållag sentralt og lokallaga arbeider breitt med målstoda også der nynorsk står sterkt som skulemål.

Krins	Stad	R.-føre	NN	BM	Res.
Grinde	Tysvær	1544	147	78	Utsett
Tysvær-våg	Tysvær	1221	122	39	Utsett
Førland	Tysvær	506	50	19	Utsett
Engjom/Fjerd.	Gausdal	1850	78	295	BM
Tonstad	Sirdal	1066	333	156	NN
Høle	Sandnes	746	153	132	NN
Gjøre	Sunndal	194	36	86	BM
Orstad	Klepp	1446	351	506	BM

(Historisk tabell side 58.)

PARALLELLKLASSEARBEID

Mange foreldre ynskjer nynorskopplæring for borna sine, og det er stadig grupper i dei større byane som prøver å få noko til. Diverre ser me at det har vorte

vanskelegare med åra, og det ser ut til å ha rot i kommune- og skuleøkonomien. Foreldre vert oftare overtydde av skuleeigar eller skuleleiar om at dei ikkje bør «ta av felles midlar» i skulen til å prioritera eigne born. Dei som oppnår klassedeling, ser at elevane ofte vert blanda i mange av faga likevel. Dermed vert språklæringa langt frå så god som foreldra såg føre seg før skulestart.

Endå meir ser me at finansieringa av slike parallellklassar er vilkårleg frå fylke til fylke. Det er fylkesmannen som kan gje skjønnsmidlar til kvar kommune etter søknad. Det er svært stor variasjon i støtta kommunane får, frå fylke til fylke. Somme kommunar får ikkje skjønnsmidlar til parallellklassar i det heile. Resultatet vert at rektorane vert tvinga til å blanda klassar med ulikt hovudmål. I Sola kommune har skjønnsmidlane frå fylkesmannen siste to åra ikkje vorte gjevne vidare til skulane som har krav på desse. Det er uvisst kva praksis kommunar som får skjønnsmidlar, har.

Noregs Mållag får jamt meldingar frå foreldra over heile landet som melder at dei bruker heimesida nynorskklasser.no i arbeidet. Hausten 2017 har me òg fått til eigne flygeblad for arbeidet i Oslo og Bergen med omland.

I perioden har det vorte prøvt å få til klassar i Bergen, Stavanger, Oslo, Ålesund, Trondheim og Levanger. I somme av byane jamvel på fleire skular. Attåt dette har det vorte meldt om interesse for parallellklasse m.a. i Målselv, Askøy og på Karmøy. I Bergen var det 13 foreldre som hadde kravt nynorskklasse på Minde skule hausten 2016, men ved skulestart var talet minka til 9, og dermed vart det ikkje klasse.

Hausten 2016 byrja 14 elevar på Vegårshei skule i ein nynorskklasse på 7. klassesteget. Korkje lokallaget eller Noregs Mållag visste noko før kravet vart sendt til kommunen. Grunnlaget for kravet var fyrst og fremst eit ynske om mindre klassar. Kommunen prøvde å laga vanskar for klassen, men lokallaget og Noregs Mållag samarbeidde tett både med foreldra og skulen, og klassen kom i gang.

RETTE TIL Å VELJA MÅLFORM

Me har fått spørsmål om denne retten ved skulestart hausten 2017. Det gjeld i praksis om retten til val av målform er slik at han utløyser ein rett til lærebøker på språket sitt. Reglane er uklare (dvs. ikkje spesifiserte i privatskulelova) og me ventar no på svar frå Utdanningsdirektoratet om kva reglar som gjeld.

Det er laga nye flygeblad for så vel parallellklassearbeid på bokmålsskular som å velja nynorsk på nynorskskular i randsonene, særleg i og ikring Bergen. I Oslo fekk me varaordføraren med på laget og det vert arbeidd med å få laga eigne flygeblad for fleire større byar.

Kvalitet i opplæringa

Kvaliteten på undervisninga i og på nynorsk må hevast. Noregs Mållag må arbeida for at grunnskulelærerutdanninga og lektorutdanninga blir endra slik at lærarstudentane får opplæring i nynorsk- og sidemålsdidaktikk, i tillegg til at dei må meistra nynorsk. Opplæringa i norskfaget i grunnskulen og vidaregåande skule må gje nynorskelevane språkleg sjølvtilitt og identitet. Lærarar må få tilbod om kurs og etterutdanning i nynorsk. Språkrådet og Nynorsksenteret må få i oppgåve å kartleggja kvaliteten på og innhaldet i nynorskundervisninga, og dei må få midlar til å fylgja opp denne oppgåva. Opplæring i eit mindre brukt språk fører med seg nokre utfordringar. Mange av elevane er omgjevne av bokmål i kvardagen, og dette må skulen prøva å kompensera for ved at dei møter minst mogleg bokmål i skulen og gjennom betre skriveopplæring i nynorsk. Opninga for at foreldre kan velja bokmålsbøker for elevar med nynorsk opplæringsmål, må fjernast. Lokallaga bør tilby (beste)foreldregrupper etter modell frå barnehagearbeidet, kurs for lærarar og arbeida for at biblioteka kjøper inn nynorskbøker og har desse synleg framme. Dei må i tillegg arbeida opp mot politikarar og administrasjon for å sikra at skulane driv god nynorskopplæring. Alle læremiddel må koma til same tid på nynorsk og bokmål. Noregs Mållag og fylkeslaga skal særleg arbeida for at alle digitale hjelpemiddel skal liggja føre på nynorsk. Lokale, regionale og sentrale lag av Noregs Mållag må klaga inn brot på opplæringslova og leggja til rette for å skipa nynorske inspirasjonsdagar for lærarar i samarbeid med Noregs Lærarmållag og lokale krefter. Noregs Mållag skal i perioden gjennomføra ein vervekampanje retta mot lærarar.

HØYRINGSSVAR OM FORSKRIFTER OM RAMMEPLAN FOR FEMÅRIG GRUNNSKULELÆRARUTDANNING

Våren 2016 sende Kunnskapsdepartementet ny forskrift om rammeplan for femårig grunnskulelærerutdanning ut på høyring. Mållaget er opptekne av at nynorskelevane har krav på ei fullgod opplæring i hovudmålet sitt til liks med elevane som har bokmål som hovudmål. Skal elevane få ei fullgod opplæring på nynorsk, er det heilt naudsynt at lærarane deira meistrar nynorsk godt nok til å gje dei denne opplæringa. Difor spela Noregs Mållag inn at rammeplanen for den nye lærarutdanninga må sikra at studentane faktisk får opplæring i nynorsk og nynorsk didaktikk. Lærerutdanningsinstitusjonane må i sine programplanar gjera greie for korleis dei vil sikra at lærarstudentane går ut av lærarstudiet med god kompetanse i både bokmål og nynorsk. I framlegget til forskrift opnar departementet for nasjonale obligatoriske deksamener. Noregs Mållag stør dette framlegget fullt ut. Noregs Mållag bad i

tillegg departementet om å endra rammeplanen slik at norsk igjen vert obligatorisk for alle lærarstudentar i Noreg og at fritak frå sidemålsvurdering vert erstatta med opplæring.

MOTIVASJONSFØREDRAG/NYNORSKKURS FOR LÆRARSTUDENTAR

Noregs Mållag hadde i 2016 og 2017 kurs/føredrag på lærarutdanningane i Vestfold, Oslo, Trondheim og Tromsø om nynorsk sidemålsundervisning. Om lag 1000 studentar har delteke på kursa, og me får svært gode tilbagemeldingar og vert inviterte til å koma attende året etter.

I 2017 hadde me seminar om nynorsk sidemål for over 30 ungdomsskulelærarar i Skedsmo.

MOTIVASJONSDAGAR FOR LÆRARAR

I denne toårsperioden har det vore laga fire nynorske motivasjonsdagar for lærarar i grunnskulen og vidaregåande skule. Fylkesmållaget Vikværingen, Oslo Mållag og Bærum Mållag står bak to av dei i Oslo. Noregs Lærarmållag og Varanger Mållag skipa ei samling i Vardø og Noregs Mållag og Trønderlaget laga ei samling i Trondheim. Desse arrangementa har spesielt vore retta inn mot lærarar som underviser i nynorsk som sidemål. Det har vore over 300 lærarar på desse samlingane. Me opplever at det er stor interesse hjå lærarane, og det er svært interessant å få innspel på god sidemålsundervisning. Me legg vekt på innleiingar som er praktisk retta og gjev gode svar på kvifor nynorsk, kvifor sidemålsundervisning og korleis leggja opp aktuell og tenleg sidemålsundervisning.

LÅGARE ÅRSRAMME FOR NORSKLÆRARAR

I perioden har Noregs Mållag arbeidd for å få innført ei lågare årsramme for norsklærarar. Både i ungdomsskulen og i vidaregåande er dette eit fag som har ei stor rettebyrde. Mållaget meiner at kommunane ved KS må innsjå at årsramma for norsklærarar skal ytterlegare ned, slik at ei full stilling inneber at norsklæraren ikkje har fleire enn rundt rekna tre klassar i studieførebuande vidaregåande skole. I perioden har me hatt lesarinnlegg mellom anna i bladet Utdanning og Kommunal Rapport, og dette synet har vore lagt fram på møte med Landslaget for Norskundervisning og andsynes KS og Utdanningsforbundet.

HØYRING OM FAGFORNYINGA (NORSK OG MUSIKK OG SAMFUNNSFAG)

I 2015 kom Ludvisgsenutvalet med sin NOU som skulle verta startskotet for fagfornyninga i skulen. Fyrst skulle det koma ny generell del av læreplanen, så skulle nye kjerneelement utarbeidast, og i 2018 skal arbeidet med læreplanane ta til. Mållaget arbeider tett med fagfornyninga. I juni 2017 var høyringsfristen for ny generell del av læreplanen. Noregs Mållag spela inn at

mange skular i randsonene for nynorsk ikkje klarer å sikra at elevane vert trygge språkbrukarar, slik formuleringa i utkastet seier at dei skal. Å synleggjera den skilnaden mellom nynorskbrukarane og bokmålsbrukarane i ein slik generell del ville vore med på å løfta eit viktig medvit kring den norske språkstoda som kunne hjelpt på nett det å kunna skapa trygge språkbrukarar uansett kva språk dei får opplæring på. Vidare spela mållaget inn at det er viktig å presisera at norsk er bokmål og nynorsk. Det siste fekk me gjennomslag for, medan det fyrste ikkje kom inn i den generelle delen.

Hausten 2017 skulle ei eiga gruppe definera kjerneelementa i dei ulike faga. Dette vart gjort gjennom ein open prosess med to høyringsrundar. Noregs Mållag sende inn tre høyringssvar til fyrste høyringsrunde på fagfornyninga. Eit omfattande på norsk, og to stutte om musikk og samfunnsfag. Det var gledeleg å sjå at gruppa si eiga oppsummering framheva våre poeng etter inspelsrunden. Ho tok omsyn til innspela våre om at vi i Noreg har to skriftlege målformer, og at det må presiserast fleire plassar i dokumentet. Me peika òg på mangelen på språkhistoriske perspektiv. I andre inspelsrunde peika me på nye stader der det må presiserast at norsk er bokmål og nynorsk. Me synest òg formell meistring av språket har for låg prioritet. Særleg for nynorskelevane som ser språket sitt for lite rundt seg, er dette heilt avgjerande for at dei skal verta trygge språkbrukarar. Dei endelege kjerneelementa er enno ikkje klare, men skal ut på endå ei høyring våren 2018.

I etterkant av andre inspelsrunde var Mållaget i media for å peika på uklårt språk i kjerneelementarbeidet, og det fekk me mykje støtte i.

WORD-APPEN PÅ IPAD

Mange skular har teke iPad i bruk, og då er det viktig at appen for programmet Word også kan nytta nynorsk retteordliste. Me har vorte kontakta av Signhild Stave Samuelsen ved Bryne ungdomsskule. I samarbeid med henne fann me ut at tilsynelatande kan ein velja nynorsk stavekontroll i Word-appen, men denne stavekontrollen verkar ikkje. Eit alternativ for elevane kunne då ha vore Word Online, men så lenge ein har appen installert, verkar ikkje ordlista der heller. Dette ser ut til å vera eit problem me må ta opp med Microsoft Noreg.

Problemet illustrerer godt at det er eit mylder av teknologiske detaljar ein må setja seg inn i om ein vil gjera endringar i app-verda.

OPPROP OM STATSSTØTTA LÆREMIDDEL FRÅ ORGANISASJONSLIVET

I samband med nynorskstafetten 2016 som mellom anna var i Romsdal, tok me opp manglande nynorsk i statsstøtta læremiddel frå organisasjonslivet. Fleire større nasjonale organisasjonar og tiltak som Raudekrossen, TV-aksjonen og Amnesty får tilskot frå staten for å laga materiell som kan brukast i undervisninga.



LÆRARSEMINAR: Liv Talle (Oslo Mållag), Håvard Tangen (Vikværingen) og Åse Hermundstad Sanner (Bærum Mållag) stod i spissen for inspirasjonsdagen for lærarar i Oslo i 2017. (Foto: Kjartan Helleve)

Ofte kjem dette tilfanget berre på bokmål. Me fekk med oss rektorar på ungdomsskular i Romsdal på ei fråsegn til Kunnskapsdepartementet. Der vart det kravt at staten stiller krav om at alle som får statsstøtte for å laga materiell til bruk i skulen, skal laga dette på både bokmål og nynorsk.

DELTAING PÅ KONFERANSE OM GENE- RELL DEL AV LÆREPLANEN

Me har delteke på to store lærarsamlingar som Utdanningsdirektoratet har invitert til for å informera om og få diskusjon om læreplanendringar. I fyrste utkast til kjerneelementhøyringa i norsk var ikkje omgrepa «bokmål» og «nynorsk» eksplisitt nemnde i kjerneelementplanen. Etter høyringa, der Noregs Mållag reagerte, kom desse omgrepa med i andreutgåva.

NYNORSKSENTERET INN UNDER HØGSKULEN I VOLDA

Våren 2017 kom Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*. I stortingsmeldinga vart det føreslege å leggja dei nasjonale sentera under UH-sektoren, og ikkje under Utdanningsdirektoratet (Udir) slik dei er i dag. Den 4. mai 2017 var Noregs Mållag på open høyring på Stortinget. Noregs Mållag var der opptekne av den rolla som Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) har spela til no i utforminga av nasjonale satsingar og tiltak som

påverkar nynorskelevane og sidemålsundervisninga. Me tok opp at me var skeptiske til å leggja Nynorsksenteret under Høgskulen i Volda utan at Utdanningsdirektoratet styrkjer innsatsen for nynorsk i sitt arbeid. Nynorsksenteret har vore Utdanningsdirektorat sin forlengde arm i spørsmål om nynorsk i opplæringa og hatt kompetansen og oversikta over feltet. Å flytta denne kompetansen lenger vekk frå Utdanningsdirektoratet fryktar me vil svekkja nynorskperspektivet i utdanningspolitikken. Det kan også gjera at nynorskspørsmålet vert ei særinteresse som vanskelegare kjem til bordet når dei store avgjerdene skal takast. Det var fleirtal i Stortinget for å gjera omorganiseringa, og Nynorsksenteret ligg no under Høgskulen i Volda.

Språkdelte ungdomsskular

Me arbeider i målblanda kommunar skal det vera rett til full språkdeling til og med ungdomsskulen basert på den såkalla Odda-modellen. Då får elevane undervisning og undervisningsmateriell i alle teorifag på hovudmålet sitt. Modellen hevar kvaliteten på lærings- og skulemiljøet og gjer elevane til tryggare språkbrukarar.

Noregs Mållag vil arbeida aktivt for at alle kommunar med målblanda ungdomsskular skal kunna gjennomføra full språkdeling, med full kompensasjon frå staten for meirutgiftene.



NATURLEG: Over 50 rogalendingar trassa i 2016 sterk vind i Stavanger for å seia at nynorsk er heilt naturleg i det planlagde storfylket. Seinare trekte Rogaland seg ut frå vidare samarbeid med Hordaland og Sogn og Fjordane. (Foto: Magne Aasbrenn)

I Odda har det vore slik at dei elevane som har hatt opplæring i nynorsk i barneskulen, får halda fram med nynorskopplæring i ungdomsskulen. Elevane får all undervisning og alt undervisningsmateriell i alle fag på hovudmålet sitt. Dette gjer elevane til trygge språkbrukarar. Denne ordninga hindrar målbyte i grunnskulen og medverkar til at så godt som alle elevane held fram med nynorsk i den vidaregåande skulen og seinare i livet.

I juni 2016 fremja stortingsrepresentant Kjersti Toppe frå Senterpartiet eit dokument 8-framlegg, saman med representantar frå Arbeiderpartiet, KrF, Venstre og SV, som bad Stortinget å greia ut om retten til opplæring på eige språk skal utvidast til også å gjelda elevar i ungdomsskulen. I november 2016 vart saka vedteken i Stortinget og då røysta alle partia for. Dette var resultat av eit langvarig arbeid frå Noregs Mållag. Kunnskapsministeren opplyste at han ville greia ut behov og kostnad våren 2017. Ei spørjeundersøking til kommunane vart ikkje send ut frå Utdanningsdirektoratet før hausten 2017 og me har enno ikkje fått noka sak frå Kunnskapsdepartementet.

I august 2016 var Mållaget på vitjing til Odda i lag med stortingsrepresentant Kjersti Toppe. Saman med Odda Mållag møtte dei representantar for kommunen, ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Ein klår

konklusjon var at ordninga hindra fråfall av nynorskelevar. Me hadde seinare også møte med andre sentrale politikarar om dette, mellom andre leiar for Løvebakken Mållag, Magne Rommetveit.

REGISTRERING AV MÅLFORM FOR ELEVAR I VIDAREGÅANDE SKULE

Datasystemet Extens er i bruk for registrering av målform hjå vidaregåande-elevar i ti fylke. Elevar gjer eit val av målform i eit anna system når dei søker seg inn til vidaregåande, men dette valet vert ikkje ført vidare til Extens. Derfor har innstillinga vore «blank» når elevane har byrja på vidaregåande. I 2017 avdekte me at i dei rundt 20 siste åra har innstillinga «blank» i programmet ført til at ved utskrivinga av elevkort på papir til nye elevar, så har det automatisk vorte prenta «Målform: Bokmål».

Om elevar i desse ti fylka har vilja ha nynorsk målform på vidaregåande, har dei altså på mange skular vore nøydde til aktivt å stryka «Bokmål» på elevkortet og skriva «Nynorsk» inn. Dette kan godt ha vore ei medverkande årsak til det store fråfallet frå nynorsk på vidaregåande-nivå i denne perioden.

Påskunda av at Nynorskstafetten 2017 var i Valdres, tok Oppland fylkeskommune kontakt med firmaet som driv Extens. Det førte til at frå 5. desember 2017 vart

det slutt på førehandsdefinert målform i utskrifter frå Extens.

Noregs Mållag arbeider no for at målform på vidaregåande skule skal skje med eit aktivt val søkjarane gjer det siste året dei går på ungdomsskulen - utan at noka målform er «førehandsnominert».

Leselystkampanje

I den komande perioden vil Noregs Mållag gjennomføra ein leselystkampanje retta mot elevar i barneskulen og dei eldste borna i barnehagen. Hovudmålgruppa er dei med nynorsk som fyrste opplæringsmål, men alle elevar har godt av å møta meir nynorsk tidleg.

I arbeidet med kampanjen er det viktig å trekkja inn ulike nasjonale og lokale samarbeidspartnarar. Omfanget av kampanjen vil vera avhengig av økonomisk støtte frå andre.

Lokallaga bør ta del i kampanjen på ulike måtar. Tiltak kan vera til dømes å hjelpe til med lesestunder og forfattargjestingar i barnehagar og skular, organisera lesestunder på biblioteket i helgane, dela ut barnebøker og skapa merksemd rundt dei relevante spørsmåla.

I starten av denne arbeidsprogramperioden var Noregs Mållag aktivt inne i arbeidet for å få til ein leselystkampanje på nynorsk. Etter samtalar med fleire aktørar, vart det laga ein ny kampanje fyrst og fremst retta inn mot nynorskelevane i 7. klasse. Denne leselystkampanjen heiter Tid for ti. Det er eit samarbeid mellom Foreningen !Les, Nynorsksenteret og andre nynorskaktørar. Aksjonen er støtta av Norsk Kulturråd. Noregs Mållag var med på lanseringa av Tid for ti i 2017 på Gloppen folkebibliotek. I år var det tredje gongen kampanjen vart lansert og denne gongen på Olav H. Hauge-senteret. I år var det heile 20 000 antologiar som vart sende til skular og bibliotek over heile landet. Leselystkampanjen er godt motteken både på nynorskskular og på bokmålsskular.

NETTVERK FOR NYNORSK BARNE- OG UNGDOMSLITTERATUR

Noregs Mållag er med i eit nettverk som informerer kvarandre om kva me arbeider med og prøver å samordna aktivitet for å få nynorske bøker for born og unge til eit endå større publikum. Dei som er med i nettverket med skiftande mannskap og litt ulik aktivitet, er Noregs Mållag, LNK, Nynorsk kultursentrum, Samlaget, Skald, Foreningen !Les, Nynorsksenteret, Mangschou og Falturiltu. Bidraget vårt har vore å spreia informasjon og kunnskap om feltet gjennom våre kanalar, og så prøver me å påverka politisk for å få til endå betre vilkår for den nynorske barnelitteraturen.

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

I dag kjem folkeveksten i Noreg frå innvandring. Som nye og viktige innbyggjarar i nynorskkommunane treng dei å læra det lokale språket. Både for å halda oppe nynorskbruken i området og for å fremja integrering i lokalsamfunnet. Noregs Mållag skal arbeida for å sikra retten til nynorske læremiddel og opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar. Norskopplæring for vaksne innvandrarar bør koma inn under opplæringslova, slik at ein får lovfest at undervisningsmateriellet som vert utvikla, kjem på både nynorsk og bokmål til lik tid og pris. I nynorskområde skal opplæringa vera på nynorsk. I språknøytrale område må innvandrarar bli gjort kjend med og gjeve høve til å velja nynorsk som opplæringsmål. Noregs Mållag skal arbeida for at det vert skipa til kurs i nynorskdidaktikk for lærarar. Mållaga i nynorskkommunar skal orientera kommunen om undervisningsmaterieil som ligg føre og arbeida for at nynorsk vert opplæringsmålet. Landssamanslutninga av nynorskkommunar er ein naturleg samarbeidspartnar.

Hausten 2015 lanserte Noregs Mållag kampanje for nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar - NyNorsk. Då me starta kampanjen, talte me 39 kommunar med norskopplæring for vaksne innvandrarar. I dag er det 53 kommunar som har vedtak om å gå over til nynorsk eller alt gjev nynorskundervisning, og talet er venta å auka framover. Me har arbeidd mykje saman med lokallag for å få kommunestyre til å vedta språkskifte, og me har arbeidd direkte inn mot einskildkommunar for å påverka dei til å skifta. Andre kommunar har skifta utan at dei har vore kontakt med oss på førehand. I perioden er det også nokre kommunar som har sagt nei til nynorsk, og vedteke at dei vil halda fast på bokmålsopplæring.

Kompetanse Noreg (tidlegare VOX) er den statlege etaten som fylgjer opp læremiddel for vaksne innvandrarar. Dei har laga ei eiga informasjonsside om nynorsk i opplæringa og har hausten 2017 ei eiga mentorordning for vaksenopplæringssenter som skal gå over til nynorsk.

I læremiddelbasen deira er det registrert 26 læremiddel på nynorsk, og i tillegg 8 peikarar til bøker og nyttige nettressursar. Det er framleis langt færre læremiddel på nynorsk enn på bokmål. Det vert arbeidd med dette både frå Mållaget si side, frå dei opplæringssentera som i dag dagleg underviser på nynorsk og hjå Kompetanse Noreg. Kompetanse Noreg har lyst ut midlar til omsetjing av lærebøker til nynorsk, og det har vore ei utvikling på feltet siste åra.

Noregs Mållag har i perioden hatt eit møte med Kompetanse Noreg og halde kontakt på e-post. Det er viktig at Noregs Mållag held fram arbeidet. Etter ein fase med mange innvandrarar går talet på innvandrarar



ENDÅ MEIR HEIDER: Norskopplæringa i Sogndal og Luster fekk målprisen 2016 av Luster mållag og leiar Oddmund Hoel. (Foto: Anita Bjørk Ruud)

nedover. Det kan gjera sitt til at det vert vanskelegare å få kommunane til å gå over til nynorsk, fordi færre elevlar i systemet også gjev lågare tilskot.

I juni 2016 arbeidde kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget med Meld. St. 30: *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*. Noregs Mållag melde inn synspunkta våre til komiteen der me ynskte at komiteen gjer det klårt at staten skal stilla med fullgode læremiddel for vaksne innvandrarar både på bokmål og nynorsk. Me bad også om at det vert lagt føringar frå Stortinget om at Kompetanse Noreg set av ein tilstrekkeleg pengesum til utvikling av nynorske læremiddel dei næraste åra, slik at tilbodet kan koma opp på eit akseptabelt nivå, og at det vert sett av midlar til at nettbaserte læringsressursar for opplæring i norsk LearnNoW (Learn Norwegian on the Web) og CALST (Computer-Assisted Listening and Speaking Tutor) vert omarbeidde til nynorsk. Desse innspela kom for seint til sjølv komitehandsaminga, men fleire av partia melde tilbake at framlegga ville vera noko dei tok med seg vidare i arbeidet. Styret vedtok også støtte til at CALST og LearnNoW må koma på nynorsk.

FLEIRE VAKSNE INNVANDRAR TEK NYNORSKEKSAMEN

Statistikkbanken til Kompetanse Noreg syner at talet på vaksne innvandrarar som tek delprøve på nynorsk, aukar: I 2015 var det 226 som tok delprøve i leseforståing på nynorsk, i 2016 var det 422 og i 2017 var tilsvarende tal 668. I 2015 var det 228 som tok lytteforståing på nynorsk, og i 2016 var det 475 og i 2017 var 655.

I 2015 var det 232 som tok delprøva på skriftleg forståing på nynorsk, i 2016 var det 425 og i 2017 var det 671. Det er Sogn og Fjordane som har høgst tal innvandrarar som tek prøvene på nynorsk, fylgt av Møre og Romsdal og Hordaland.

STØTTE TIL MINORITETSSPRÅK

Høyringsfråsegn om NOU 2016:18 *Hjertespråket – forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk*

Som ein av svært få språkorganisasjonar i Noreg fylgjer Noregs Mållag med når andre språkmiljø i Noreg tenkjer høgt om språkpolitiske spørsmål. Me leverte difor høyringsfråsegn om NOU 2016:18 *Hjertespråket* for å stø den svært gode analysen av stoda og dei gode framlegga til språkpolitiske tiltak. Mållaget stiller seg bak den gode modellen for ny språkområdeordning som vert lansert. Mellom anna peika me på at me trur det vil vera fornuftig å skilja mellom ulike gradar av

forplikting om føremålet er språkbevaring eller revitalisering for ein kommune. Og me stør framlegget om at kommunar med samisk skal ha ein plan for styrking av samiske språk og samisk kultur i sitt ordinære tenestetilbod. Noregs Mållag stør heilhjarta utsegna om barnehagen som den viktigaste staden for å ta vare på og vitalisera språk. Det fylgjer av dette at me stør utvalet når dei ber regjeringa: «utarbeide endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk».

MARKERING AV SAMEFOLKETS DAG 2017

På Samefolkets dag hadde Noregs Mållag ein kronikk på trykk i Nationen med støtte til arbeidet for samisk og gratulasjonar i høve 100-årsjubileet deira.

UTSPEL OM SAMISKE PROGRAM PÅ TV2

TV2 var dei einaste som hausten 2017 søkte om konsesjonen for det kommersielle allmennkringkastaropp-

draget Kulturdepartementet lyste ut. I søknaden gjekk det fram at dei ikkje tenkte å laga samiske program framover. Noregs Mållag hadde presseutspel og uttalte at TV2 ikkje burde få lov til å leggja samisk til sides, og at det er svært viktig for dei samiskspråkege samfunna at dei får fjernsynstilbod på eige språk.

STØTTE TIL NORSK SKOGFINSK MUSEUM

Skogfinnane er ein av dei nasjonale minoritetane i Noreg. Språket finst ikkje lenger, men dei har eitt museum som tek vare på både materiell og immateriell arv. Museet arbeider for å få midlar til å byggja eit nytt museum fordi det eksisterande er eit dårleg og ueigna bygg. Noregs Mållag skreiv under på oppropet til støtte for eit nytt museum i desember 2016.

Samskipnaden

OPPATTSKIPING AV LOKALLAG

I årsmeldingsperioden har me arbeidd systematisk med å skipa opp att lokallag. Nokre lag får ein god start med ein gong, andre stader lyt me arbeida meir for å finna dei som vil ta på seg tillitsverv og føra arbeidet vidare. Oppattskipingsarbeidet vert jamt drøfta i styret og på skrifvarstova, for å prøva å sikra at me får fram gode lokallag der nynorsken eller organisasjonen treng det mest.

I 2016 vart det skipa opp att tre lag: Dalane Mållag, Mållaget i LO-administrasjonen og Eide og Fræna Mållag. I 2017 vart det også skipa opp att tre lag: Hol Mållag, Karmøy Dialekt- og Mållag og Lom og Skjåk Dialekt- og Mållag. I tillegg til desse seks laga er det fleire lag som har hatt oppstartsmøte eller tilsvarande, der me ventar på at det siste formelle er på plass.

LØVYINGAR TIL ORGANISASJONSTILTAK

I 2016 løyvde styret i Noregs Mållag pengar frå poteten for tiltak til styrking av organisasjonen til desse føremåla:

1 5000 til nettside for dialektarbeid i regi av Numedal Mållag, 5 500 til møte-/seminarverksemd i Lærarmållaget, 7 500 til Medisinsk mållag for debattmøte, 10 200 til Sunnmøre Mållag for regionalt seminar, 6000 til Toten dialekt- og mållag til kulturkveld, 20 000 til 40-årsjubileum for Varanger Mållag, 35 000 til Vikværingen for nynorsk motivasjonsdag for lærarar, 25 000 til Senjamållaget for seminar om Senjamålet, 25 000 til Østfold Mållag for Hællæ nynorsk!, 3000 til Kvam Mållag for Littlarm, 5000 til Bærum Mållag for opplegg i samband med Den europeiske språkdagen, 5 500 til Ørsta Mållag for barnehagetiltak, 6000 til Inderøy Mållag for nynorsk lesering, 10 000 til Bergen og Hordaland Mållag for Bergenskonferansen, 9000 til Hordaland Mållag

for idedugnad og 5000 til Sande Mållag for temakveld for å styrkja nynorsken i kommunen.

Gruppert i fylkeslag, fordelte tildelingane på til saman 577', inkludert tilskot til lønsmidlar, seg slik:

- NMU 340'
- Hordaland Mållag 72'
- Troms og Finnmark 45'
- Vikværingen 40'
- Østfold 25'
- Sunnmøre 20,7
- Buskerud 15'
- Yrkesmållaga 7,5'
- Austmannalaget 6'
- Trønderlaget 6'

I 2017 fekk desse laga og prosjekta støtte:

10 000 til Oslo Mållag for debattkveld, 20 000 til Bergen Mållag for Bergenskonferansen, 8 000 til Mållaga i Nordhordland for møte om norskopplæringa for vaksne innvandrarar, 40 000 til Rogaland Mållag for prosjektstilling i 2017, 10 000 til Mållaget Ivar Kleiven for arbeid med språkopplæring og tilbod om språkkafé til innvandrarar, 12 000 til Nordmøre Mållag for kursopplegg for barnehagelærarar, 20 000 til Lærarmållaget og Varanger Mållag for motivasjonsseminar for norsk-lærarar, 10 000 til Sunnmøre Mållag for motivasjons-samling for eigne lokallag, 12 500 til Sunnmøre Mållag for haustseminar for regionen, 25 000 til Hemsedal Mållag for dialektleir, 10 000 til Tysvær Mållag for bokpakker til barnehagane, 10 000 til Norsk Målungdom for jakkemerke til valkampsommaren, 15 000 til Odda og Hordaland Mållag for samarbeid om politikarmøte om nynorsk i Bergen, 7 500 til Balsfjord Mållag for 40-årsjubileum til hausten, 3 000 til Hjelmeland Mållag for stand på frukt- og laksefestivalen, 25 000 til

Vikværingen for motivasjonsdag for lærarar, 6000 til Stavanger Mållag for debattmøte om språkleg mangfald i nye Stavanger kommune, 6000 til Skånevik Mållag for å leiga inn forfattar til prosjekt i skulen og kveldsmøte for vaksne, 7500 til Målselv Mållag for markering av 70-årsjubileum og 20 000 til Ulstein Mållag for produksjon av Nynorske aktivitetshäfte for 1.–2.-klassingane.

Hordaland Mållag har i tillegg fått 50 000 i 2016 og 100 000 i 2017 til ein løna medarbeidar som tok til i august 2016. Desse løyvingane er førte under lønskostnader i rekneskapen vår.

Gruppert i fylkeslag, fordelte tildelingane på til saman 372', inkludert tilskot til lønsmidlar, seg slik:

- Hordaland 143'
- Rogaland 49'
- Vikværingen 35'
- Sunnmøre 32,5
- Buskerud 25'
- Yrkesmållaga 20'
- Karmsund 16'
- Troms og Finnmark 15'
- Austmannalaget 14'
- Nordmøre 12'
- NMU 10'

Noregs Mållag sentralt

Det er ei viktig oppgåve for Noregs Mållag sentralt å styrkja lokal- og fylkeslaga. Styret og skrifstova skal tilby gratis kampanjetilfang til medlemslaga. Styret og skrifstova skal vitja alle fylkeslaga og minst 30 mållag kvart år i perioden. I tillegg skal mållaget organisera tilbod om føredragshaldarar til lokallaga. Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom, og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira.

I perioden skal alle nyvalde leiarar verta tekne godt imot og få tilbod om skulering frå sentrallaget. Mållaget skal skipa til årlege seminar, og spesielt i år utan landsmøte skal det satsast mykje på dette seminaret. Hovudmålgruppa for seminara skal vera lokallagsleiarar. Noregs Mållag sentralt skal systematisera arbeidet med å samla inn og spreia gode døme på lokalt målarbeid. Styret og skrifstova skal samarbeida med fylkesmållaga om å organisera regionale samlingar der det er interesse for det, som eit supplement til haustseminaret.

Noregs Mållag skal ha eit stabilt, høgt medlemstal og vera oppteke av å auka det. Sentrallaget skal stimulera arbeidet med å få nye medlemmer. Spesielt viktig er det å verva unge medlemmer. Styret skal difor i samråd med landsrådet kvart år spesifisera mål for vervingsarbeidet.

Noregs Mållag skal vidareutvikla www.nm.no, www.nynorskklasse.no, Norsk Tidend og det elektroniske nyhendebladet Nytt om nynorsk slik at dei fungerer

som inspirasjonskjelder for målarbeidet lokalt. Noregs Mållag skal vera synleg og kreativ i sosiale medium, og hjelpa lokallaga som ynskjer det, med å vera det same.

I denne fireårsperioden skal sentrallaget skipa til ein skuleringsturné, der randsonene har høg prioritet. Målet er at laga skal vera godt budde til skulemålsrøysingar og andre aktuelle kampsaker.

Noregs Mållag skal gjennomføra organisatoriske tiltak for å styrkja nynorsken og særleg nynorsk skulemål i viktige randsoner.

For nynorsken er det viktig å vera til stades i heile landet. Slik sett er det viktig å stø opp om arbeidet for nynorsk i Nord-Noreg, og spesielt viktig med nynorsk-klassearbeidet i Målselv.

I komande fireårsperiode skal Noregs Mållag kvart år gjennomføra ein to-tre veker stafett etter inspirasjon frå Nynorskstafetten. Hovudemne og område vedtek styret kvart år. Viktige satsingsfelt kan til dømes vera positive sidemålsforsøk, nynorsk i media, ungdomsskulesatsing, parallellklassar med nynorsk og målungdomsarbeid.

Noregs Mållag oppmodar fylkeslaga om å oppretta nettverk som ser til at mållova vert halden, og som år for år organiserer arbeidet med å klaga når staten eller statlege etatar som er bundne av mållova, bryt henne. Sentrallaget stø dette arbeidet etter behov, også økonomisk.

LOKAL- OG FYLKESLAGA

I 2016 og 2017 leverer laga inn årsmelding for høvesvis 2015 og 2016. For 2015 vart det levert inn 136 årsmeldingar frå lokallag og yrkesmållag. For 2016 kom det inn 138 årsmeldingar, som er eit veldig godt tal når ein tenkjer på at det ikkje var landsmøte i 2017. Grunna utsendinga av utkast til nytt arbeidsprogram purra me meir enn vanleg på årsmeldingar, og dette har nok medverka til det høge talet. Det «manglande» landsmøtet ser ein likevel att på at berre 15 fylkeslag leverte årsmelding for 2016, mot 18 i 2015. Dei siste tre åra sett under eitt har 164 ulike lokal- og yrkeslag og 18 fylkesmållag levert årsmelding. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden eller betalt ut lokal- eller fylkeslagsdelen av medlemspengane. Sju av laga våre er med i både Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

<i>Leverte årsmelding</i>	<i>2016</i>	<i>2017</i>
Lokallag	136	138
Fylkeslag	18	15

SALSMATERIELL

Dette materiellet har me til sals via nettsidene våre eller me sel det på sentrale tilskipingar.

Det nyaste materiellet er krus og frukosttallerken i porselen frå Figgjo. Koppen har eit klassisk slagord, «Nynorsk til meg, takk». I denne perioden har me også produsert termokrus med kaffiavtale, Røros-pledd, Noreg-skjerf og osthøvel.

Sidan jubileumsåret for tolv år sidan har me selt krus og asjettar med gode sitat. Serviset har vore veldig populært, og det er på lager.

LAGSSENDINGAR

I 2016 sende me ut sju lagssendingar, og i 2017 sende me ut åtte. I tillegg sende me ut utkast til nytt arbeidsprogram i desember 2017, til nesten 1000 tillitsvalde og nærskylde. Fleire og fleire lagssendingar vert no berre sende elektronisk, til dømes medlemslister til laga. Dette sparar tid, pengar og miljøet. Lagssendingane inneheld det viktigaste av informasjon til lokal- og fylkeslaga. Årsmeldingsskjema, info om tilskipingar, viktige høyringar, kampanjar, økonomiske støtteordningar, verving og anna organisasjonsarbeid.

REISE TIL LOKALLAG OG FYLKESLAG

Målsetnaden er at Noregs Mållag sentralt skal vitja alle fylkesmållag kvart år. I 2016 vitja me sytten fylkesmållag, så då nådde me ikkje målsettinga. Men året etter i 2017, fekk alle 19 fylkeslag vitjing. Ein god del av desse vitjingane vert gjort i høve fylkesårsmøta. Mange fylkeslag får vitjing ved andre høve, og nokre lag får vitjing fleire gonger på eitt år. Når me gjestar fylkesårsmøte, held alltid representanten ei innleiing på vegner av Noregs Mållag. Det er heilt klart lettare å vitja alle fylkesmållaga i ikkje-landsmøteår, for då fordeler fylkeslaga årsmøta sine ut på fleire helgar.

I fylgje arbeidsprogrammet skal sentrallekken vitja 30 lokallag i løpet av året. Begge åra ligg me over målsettinga. I 2016 vitja me 37 lag og i 2017 vitja me 36 lag. Også her er det nokre lag som får fleire vitjingar i løpet av eitt år. Sjølv om me treffer mange lokallag gjennom å stilla opp på seminar og samlingar i fylkeslaga, er det viktig å stilla opp når me vert inviterte, og det er viktig å invitera oss ut til lokallaga gjennom året. Nynorskstafettane gjer sitt til at me får systematisert lokallagsvitjingane, og desse dagane er oftast veldig godt utnytta og lærerike for dei tilreisande og for dei lokale.

ORGANISERING AV FØREDRAGHALDARAR

Mållaget har ikkje organisert eige tilbod til lokallaga om føredragshaldarar dei to siste åra. Når lokallag har spurt, har me kome med framlegg til namn på aktuelle føredragshaldarar. Seinhausten 2017 har me vidareformidla eit føredragsopplegg som Samlaget tilbyr i jubileumsåret 2018.

FORMGJEVING FOR LOKALLAGA

Skrivarstova har i perioden formgjeve ein heil del diplom, jakkemerke, lysingar og plakatar for lokallaga.

Stadig fleire lokallag ber også om å få eigen logo, basert på jubileumsmerket frå 2006.

OPPLEGG FOR NYVALDE LEIARAR

Fredag kveld før vinterseminaret på Bryne inviterte me til skulering for nye lokallagsleiarar og tillitsvalde. Sentrallekken spanderte det ekstra døgnet på hotell. Tilbodet var svært populært, og det var mange nye tillitsvalde som ynskte å vera med på seminaret. Me var i underkant av tjue deltakarar, og dei fekk både organisatorisk og politisk grunnskulering. Opplegget vart godt motteke av dei som var med, og me trur at det har vore med og gjeve organisatorisk vekst.

Alle nyvalde leiarar får ei e-posthelsing frå leiaren i Noregs Mållag, med takk for at dei tek på seg vervet. Dessutan får dei, så langt som råd, tilsendt informasjonsmaterieil for tillitsvalde i Noregs Mållag.

LANDSMØTE

Landsmøtet vart lagt til Bergen helga 15.–17. april, etter styrevedtak knapt to år tidlegare.

Hovudtalen fredagen stod LO-sekretær Are Tomasgard for. Han vart godt motteken og det vart god stemning av invitasjonen til meir samarbeid for å styrkja nynorsken i fagrørsla. Den nye språkrådsdirektøren, Åse Wetås, innleia om kva som er ein god språkpolitikk for Noreg, og Per Halse innleia om Peter Hognestad, den fyrste nynorske biskopen. Elles var landsmøtet mykje prega av Bergen og Hordaland. Det har vore mange viktige saker, særleg om nynorsk i skulen, i regionen dei siste åra, og den positive utviklinga i bystyret og viktige institusjonar fekk fargeleggja landsmøtet gjennom heile helga. Det var ei eiga samtale som Britt Kristin Ese leia på scena med Øyulf Hjertenes, sjefredaktør i Bergens Tidende, Roger Valhammer, Bergen bystyre og Dag Rune Olsen, rektor ved Universitetet i Bergen.

Landsmøtet baud på fire parallelle seminar: Stadnamnlova v/ Jorunn Aarsby og Erlend Trones, Allkunne og nynorsk digital skriftkultur v/ Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Nynorsk i fagrørsla v/ Terje Kollbotn og Haakon Aase og NyNorsk-kampanjen v/ Hege Lothe og Anne Kristin Myklebust. Utsendingane fekk oppleve Helge Jordal på scena fredag kveld og ein minikonsert med Sigrid Moldestad under festmiddagen laurdag.

145 utsendingar møtte frå 72 lokallag og 16 fylkeslag, ein auke på 16 lokallag frå 2014. I tillegg møtte 17 utsendingar frå Norsk Målungdom og 8 frå styret, totalt 169 utsendingar med røysterett. 51 utsendingar hadde ordet i ordsifta under møtet, i tillegg til styrefolk, gjester og innleiarar. Innlegga fordelte seg på 17 kvinner og 34 menn.

Landsmøtet vedtok sju fråsegner: Nynorsk må inn i rammeplanen for barnehagane, Nynorsk for vaksne innvandrarar, Meir nynorsk i arbeidslivet og fagrørsla,



MANGE RØYSTER: Frå landsmøtet i Bergen i 2016. (Foto: Erik Grov)

Nynorsk i bergensskulen, To jamstelte eksamenar i norsk, Læremiddel for vaksne innvandrarakar, Nynorsk i offentlege anbod og Stortinget må endra opplæringslova for å sikra Odda-modellen som nasjonal ordning.

Målprisen for 2016 gjekk til Kristin Sørsdal for omsetjinga av Elena Ferrante, Napoli-kvartetten. Marit Kaldhol fekk Nynorsk barnelitteraturpris for boka *Sweet* og Eirik Ingebrigtsen fekk Nynorsk litteraturpris for boka *Spikrar frå fallande plankar*. Dei to arbeidsstipenda til Mållaget vart også delte ut på landsmøtet. Geir Larsen fekk eitt av dei for å utvikla språklæringsappar på nynorsk. Det andre gjekk til Anita Stokke Blomvik for utvikling av den nynorske matbloggen kvardagsmat.no.

PRESSE I HØVE LANDSMØTET

Me opplevde at det var lettare enn vanleg å få merksemd, fordi nynorsk har ein medvind i Bergen. Me fekk ei heilside i Bergens Tidende der me fekk fram budskapet om at Bergen kan bli ein nynorskby. Dessutan fekk me til ein del mediemerksmd på litteraturprisvinnarane, målblommottakarar, stipendmottakarane og målprisvinnar Kristin Sørsdal som var i studio på Vestlandsrevyen. NTB sende også ut ei eiga melding om at ho fekk Målprisen.

På førehand var det ei viss merksemd om at Magne Aasbrenn frå Fredrikstad skulle gå på som fyrste leiar i

Noregs Mållag frå Østfold. Etter eit svært flott innslag på Dagsrevyen sundag kveld og etter at me sende ut pressemelding om nynorsk i barnehagen, tok det heilt av. Dagen etter landsmøtet byrja med morgonsendinga i NRK Østfold, nytt Dagsrevy-innslag, Dagsnytt 18, Radio Norge, Nitimen og fleire aviser i ulike variantar. Han fekk veldig godt fram kvifor nynorsken kan passa også på Austlandet og i Østfold.

HAUSTSEMINAR 2016 I LOM

I starten av september 2016 inngjekk Noregs Mållag eit litt uvanleg samarbeid med Diktardagar i Lom, Skjåk og Vågå. Der gjorde me den vrien at me inviterte våre haustseminardeltakarar til å vera med på seminar og delar av opplegget til Diktardagar på fredag og laurdag, medan me på sundag hadde nokre timar med eige seminaropplegg.

Me fekk med oss mange gode kulturinnslag med godt fagleg innhald, me vart grundigare kjende med forfattarskapen og livet til Tor Jonsson, og me fekk med oss innlegg om målarbeid i kvardagen. At Noregs Mållag la tilskipinga si til diktardagane, var med på å gje publikumsrekord på fleire av tilskipingane denne helga. Trass i at det var nokre administrative utfordringar med å vera med på eit opplegg me ikkje laga sjølve, vart det ei spanande og kjekk helg.



PÅ VEG: Hege Lothe, Live Havro Bjørnstad og Elise Tørring kosa seg på veg til nye tilskipingar under Nynorskstafetten 2017. (Foto: Hege Lothe).

VINTERSEMINAR 2017 PÅ BRYNE

Dei åra det ikkje er landsmøte i Noregs Mållag, skal me skipa til vårseminar. I 2017 var det andre året med denne ordninga. Styret valde å leggja seminaret til midten av februar og kalla det eit vinterseminar for å unngå helgane for nasjonale partilandsmøte og å koma for nær Bergenskonferansen, som tek ei av helgane i mars.

Seminaret var på Time bibliotek på Bryne, og det var gledeleg å sjå mange lokale deltakarar. Det var langt betre deltaking enn det har vore på slike sentrale seminar siste åra, med om lag 80 deltakarar. Tilsvarande tal har vore mellom 55 og 70 åra før. Programmet tok opp Vestlandsregionen, kommunesamanslåingar, valkamp, språkløp og historisk tilbakeblikk. Dessutan heldt fylkesordførar Solveig Ege Tengesdal innleiing der ho målbar at Rogaland fylkeskommune gjerne kunne bruka meir nynorsk.

HAUSTSEMINAR 2017 I TRONDHEIM

I september 2017 inviterte Trønderlaget og Noregs Mållag til haustseminar i Trondheim. Det byrja med ein motivasjonsdag for lærarar fredag på dagtid og heldt fram med haustseminar på fredag ettermiddag og laurdag. Det var god spennvidde i innleiingane. Det handla om samisk målreising, læreplanfornyinga,

bruk av sosiale medium i lokallaga, om språklæring hjå barnehagebarn og sambandet mellom politisk makt og oppfatningar av språk i eit historisk ljøs.

Motivasjonsdagen viste seg å vera veldig populær og samla om lag 90 deltakarar. Mange av desse er lærarar på ungdomsskular og vidaregåande skular i Trøndelag. På sjølve haustseminaret var det om lag 50 deltakarar. 15 av desse var deltakarar frå Trønderlaget. Det var fleire deltakarar frå Nord-Noreg, noko me hadde som målsetnad. Me ynskte å leggja haustseminaret til Trondheim for å tryggja og auka organisasjonsaktiviteten i denne delen av landet. Me trur absolutt at det var ein nyttig møteplass og eit steg mot meir aktivitet i Trøndelag.

REGIONALE SAMLINGAR

Etter at Noregs Mållag gjekk over til landsmøte annakvart år, vart det sagt at haustane i ikkje-landsmøteår vert det oppmoda om å laga regionale seminar. I år satsa Noregs Mållag på å laga eit haustseminar i Trondheim der Trønderlaget var lokal samarbeidspartnar. Det vart planlagt seminar for Valdres og Austmannalaget, og for dei tre fylkesmållaga i Møre og Romsdal, men desse vart dessverre lagde på is. Noregs Mållag har også løyvd pengar til og stod som medtilskipar på Bergenskonferansen i mars 2017. Denne konferansen samla

godt med deltakarar frå heile landet og i hovudsak frå Hordaland.

Mållaga på Agder bruker kvar haust å samlast til haustseminar på Agder. Dette er ein tradisjon som har stabil og god oppslutning.

MEDLEMSTAL/VERVING

I 2017 sette styret seg som mål å nå 13000 betalande medlemmer. For fyrste gong freista me oss på ein «vervedag» som sparka i gang vervekampanjen «Verveaksjon 13000». Det høvde godt å ta denne i samband med tilbodet om «neste år gratis», som kvart år startar 1. oktober. Tradisjonelt er dette den beste vervetida. På éin dag fekk me 50 nye medlemmer, noko som må seiast å vera ein suksess. Totalt melde 560 nye medlemmer seg inn mellom 1. oktober og 31. desember. For heile 2017 var talet på nyinnmelde på over 1300, det høgste talet sidan 2012. Laga som fekk flest nye medlemmer i 2017, ser ein i tabellen under. Det er viktig å merka seg at dette berre er nye medlemmer, og nokre få har enno ikkje betalt. Tal betalande medlemmer, og auke frå år til år, ser ein i lagsoversynet på side 60. Tala seier likevel noko om verveaktiviteten.

Lokallag	Nye medl.
Oslo Mållag	114
Bergen Mållag	76
Voss Mållag	30
Eide og Fræna Mållag	29
Stavanger Mållag	26
Hjelmeland Mållag	24
Karmøy Dialekt- og M.	24
Stord Mållag	22
Gloppen Mållag	17
Fredrikstad Mållag	16
Sogndal Mållag	15
Mållaget Ivar Kleiven	14
Mållaget i Kristiansand	14
Mållaget i LO-admin.	14

Fylkeslag	Nye medl.
Hordaland Mållag	287
Vikværingen	260
Rogaland Mållag	117
Sogn og Fjordane M.	112
Sunnmøre Mållag	89
Austmannalaget	63
Karmsund Mållag	61
Romsdal Mållag	46
Vest-Agder Mållag	42
Valdres Mållag	34
Telemark Mållag	34
Trønderlaget	28
Buskerud Mållag	27
Østfold Mållag	24
Troms og Finnmark M.	23

Nordmøre Mållag	20
Aust-Agder Mållag	18
Nordland Mållag	5
Naumdøla Mållag	2

I løpet av vervekampanjen vart alle laga oppdaterte på stoda i aksjonen, og mange fekk tilsendt medlemslister fleire gonger i løpet av hausten, når dei bad om det. Fylkeslaga fekk også rapport under landsrådsmøtet. Denne tette oppfylginga trur me var viktig for å halda oppe trykket på vervinga, både ute i organisasjonen og på skrivearstova. Styret verva mange nye, og nokre vart brukte som ein del av vervekampanjen på Facebook. Før stortingsvalet sende me vervegiro og eit skreddarsydd flygeblad til om lag 1600 personar på stortingslistene over heile landet. Dette resulterte berre i 13 nye medlemmer, frå seks ulike parti, men me fekk samstundes ut informasjon om dei viktigaste sakene våre til svært mange politisk aktive. I oktobernummeret av Norsk Tidend sende me med eit vervepostkort som istikk, med informasjon om husstandsmedlemskap. Dette var eit billig verve- og informasjonstiltak som resulterte i over 30 nye medlemmer. Desse postkorta er ferdigfrankerte, og det kjem framleis kort til oss i posten. Dette kan me gjera fleire gonger. Til saman har me 1163 husstandsmedlemmer. Me hadde også eit generelt verveistikk i Standpunkt, medlemsavisa til Nei til EU. Magne Aasbrenn fekk også på trykk eit verveinnlegg i bladet Utdanning. Me skipa ei vervetevling mellom både lokallaga og fylkeslaga, der både laga med høgst prosentvis auke frå 2016 til 2017 vann, og laga med den høgste faktiske auken vann: til saman fire vinnarar. Lokallagsvinnarane vart Oslo Mållag, med ein faktisk auke på 100 medlemmer, og Mållaget i LO-administrasjonen, med ein auke på 866,7 prosent (frå 3 til 29 medlemmer). Fylkeslagsvinnarane var Hordaland Mållag, med ein auke på 188 medlemmer, og Romsdal Mållag, med ein auke på 22,5 prosent (frå 178 til 218 medlemmer). Desse laga vann bokpakker til ein verdi av 2500 kroner kvar, til å bruke i sitt lokale målarbeid. Det vert også utdeling av diplom på landsmøtet i 2018. Både sentralllekken og lokallaga arbeidde målretta med verving i 2017, med tett oppfylging utover hausten. Facebook er kanskje det mest effektive verveverktøyet vårt, men verveinnsatsen i lokal- og fylkeslaga skal ha mykje av æra for medlemsauken. Det viste seg etterkvart at me ikkje berre greidde 13000, men også passerte 1991-medlemstalet på 13219 medlemmer. Til slutt landa me på 13240 medlemmer i 2017.

STANDSPAKKE

Til verveaksjonen i 2017 oppdaterte me mykje av verve-materiellet vårt. Vervepostkort, vervefaldar, vervevisittkort, vervegiro, plakatar og jakkemerke fekk alle større eller mindre endringar. Me laga også masse nytt profileringsmaterieil for å gjera laga våre meir synlege i nær-

miljøet, og såleis skaffa oss fleire medlemer. Standstelt, standsbord, standsflagg, ballongar, drops, pappkoppar, flygebladstativ og jakke kunne tingast på det tilsende tingsingsarket, eller i Krambua, der det framleis går an å tinga. Me tilbyr materiellet langt under kostpris for å halda prisen nede for laga. Mange lag investerte i ymse artiklar, og hadde vervestandar utover hausten. Nokre lag nytta seg av vervelistene me laga og fekk folk til å skriva seg opp på stand.

VERVING OG VERVETILTAK

Medlemsauke kjem frå to ting: Å få eksisterande medlemer til å betala og å verva nye. Når me lukkast med begge, går medlemstalet oppover, og det har det gjort dei siste åra. Medlemene vert ståande i medlemsregisteret i tre år etter dei har betalt. Etter tre år utan betaling, vert dei sletta som medlemer i Noregs Mållag. I registeret har me no over 14 000 medlemer der om lag 1000 står som ikkje-betalt i 2017.

Det vil alltid vera ein del som fell frå i løpet av eit år, og det vil vera ein del som ikkje betaler. I 2016 var talet utmelde og avlidne på 751. I 2017 var tilsvarande tal 620. Mesteparten av denne nedgangen ser me att i talet på medlemer som vart utmelde grunna manglande betaling over tre år, og det er gledeleg at dette talet går nedover. Det synar at fleire er med i fleire år.

I 2016 gjorde saka om administrasjonsspråk i vestlandsregionen til at Noregs Mållag fekk 600 nye medlemer dei siste tre månadane av året, i tillegg til at fleire betalte medlemskapen sin. Dette gjorde til at medlemstalet landa på 12411, det høgste sidan 1992, og det beste talet på 25 år. Totalt fekk me over 1000 nye medlemer i 2016. Eitt av tiltaka me gjorde det året, var å få fleire medlemsføremoner. Me lukkast i å få 30 prosent rabatt hjå Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og Garborgsenteret, i tillegg til føremonene me hadde frå før. Nokre lag nemner også at det er lettare å verva når Mållaget er synleg i media, og dette er noko me har lukkast med i årsmeldingsperioden. Bruken av Facebook, med utdrag frå ulike høyringssvar om vestlandsregionen, synt seg å vera veldig effektivt vervearbeid. Sitat frå mellom andre Jon Fosse og Tore Renberg vart brukte med god effekt.

Me starta såleis 2017 med 600 medlemer som hadde fått «neste år gratis». Seinare på våren vedtok landsmøtet i Høgre på nytt at dei vil fjerna sidemålskarakteren, og me fekk 100 nye medlemer på ei veke. Ikkje lenge etter sette styret målet om å nå 13000 medlemer før året var omme. Me purra ein ekstra gong på giro, totalt tre gonger, og i tillegg purra me to gonger på SMS på slutten av året. Me fekk inn i overkant av 150 innbetalningar på SMS, dobbelt så mange som året før. Som vanleg bad me lokallaga kontakta sine medlemer som ikkje hadde betalt. I løpet av 2017 registrerte me fleire enn 1300 heilt nye medlemer. 560 av desse kom etter at me sette i gang «verveaksjon 13000» 1. oktober. Vervinga

i nyskipa og oppattskipa lag har vore ein viktig del av medlemsauken. Eide og Fræna Mållag, Karmøy Dialekt- og Mållag, Lom og Skjåk Dialekt- og Mållag og Mållaget i LO-administrasjonen stod til dømes for 77 av dei nye medlemene i 2017, og for endå fleire betalningar. Talet på betalande medlemer i laga med lokal innkrevjing var 1124 i både 2016 og 2017. Det vert no jobba med å få på plass løysingar for e-faktura og fast gåvetrekk/avtalegiro i medlemsregisteret, som me trur vil hjelpa innkrevjinga av medlemspengar. Elektronisk adresseoppdatering frå posten gjer at nesten ingen giroar kjem i retur. Høge medlemstal gjev meir i medlemspengerefusjon til laga med lokallagssats, og ikkje minst spelar det inn på utsendingsrettane til landsmøtet.

MEDLEMER

Tabellen under syner medlemstalet dei siste ti åra, med tal på nyinnmelde for kvart år. Fullt medlemsoversyn er å finna på side 60. Me greier å verva langt fleire nye medlemer enn tidlegare, samstundes som det er fleire medlemer som held fram å betala medlemskapen. Med Facebook greier me å nå ut til veldig mange potensielle medlemer, og å ha merksemd på verving i organisasjonen har også bidrege til vekst. Det største utslaget var i 2012 då me fekk inn over 2000 nye medlemer fordi kunnskapsminister Kristin Halvorsen tok til orde for å svekkja sidemålsordninga. Etter nokre år med færre nyinnmelde og fleire som ikkje betalte medlemskapen sin, har det vorte ein svært positiv trend siste åra. Vestlandsregionsaka var også ei sak som hjelpte på medlemstilstrøyminga. Siste tre åra har medlemstalet gått oppover, og me er tett på 3000 fleire medlemer enn for ti år sidan.

År	Medlemer	Endring	Nyinnm.
2007	10323	+156	504
2008	10251	-72	756
2009	10125	-126	419
2010	10068	-57	718
2011	10433	+365	986
2012	12256	+1823	2027
2013	12164	-92	783
2014	11726	-438	600
2015	12022	+296	680
2016	12411	+389	1089
2017	13240	+829	1333

HEIMESIDER

Nettsidene til Noregs Mållag er www.nm.no. Nettsidene skal vera ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg, og for dei som tilfeldigvis er innom. Sidene vert oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyringsfråsegner og andre aktuelle tekstar. Me



Ørsta Mållag og Sunnmøre Mållag sin stand i gågata i Ørsta i 2016. Frå venstre: Terje Kjode, Ingebjørg R. Øyehaug, Sunniva Krøvel-Velle og Knut Falk. (Foto: Malene Romestrand/Møre-Nytt)

arbeider jamt med å utvikla sidene både i struktur og innhald. Eit særleg mål er at sidene skal innehalda meir informasjon som kan vera nyttig for lokallaga.

Det vart publisert 139 nyhendesaker og om lag 170 kalenderoppslag i 2016, og det vart publisert 135 nyhendesaker og om lag 150 kalenderoppslag i 2017. Dette er samla sett ein oppgang jamført med åra før. Noregs Mållag har også ei nettside som heiter www.nynorskklasse.no. Ho gjev enkel informasjon om kva som skal til for laga nynorskklasse.

NYTT OM NYNORSK

Nytt om nynorsk er nyhendebrevet vårt, og det vert sendt ut via e-posttenesta Mailchimp. I både 2016 og 2017 sende me ut ti nyhendeletter. Me sender om lag eitt nyhendeletter i månaden, utanom i sumarmånadene. Det er i skrivande stund 4274 abonnentar, 400 fleire enn for to år sidan, i hovudsak nye medlemmer som kryssar av for det ved innmelding. I snitt opnar 31 % av mottakarane e-posten, og 5,7 % klikkar på ei av sakene for å lesa meir. Nytt om nynorsk inneheld viktige nynorsksaker sidan førre utsending, og våre eigne saker om verving, stipend, tilskipingar eller liknande.

SOSIALE MEDIUM

Noregs Mållag er til stades og aktiv på Facebook, Instagram og Twitter. På Instagram har me i dag 3173 fylgjarar, 1531 fleire enn førre årsmelding. Sidan førre gong har me lagt ut 404 bilete, og det mest likte biletet er skjermdumpen frå ordboka med oppslagsordet «trump», med 435 likarklikk. På Instagram er målet vårt å vera meir humoristiske enn i andre medium, med teikneseriar, aktuelle saker, morosame kommentarar og liknande. Facebook, vårt viktigaste og største sosiale medium, vert i grove trekk brukt til meir seriøse saker. Me legg ut om lag éi sak om dagen; nynorsknyhende, vervesaker, tilskipingar og anna. Sidan førre årsmelding har fylgjartalet på Facebooksida vår stige frå 7239 til 13493, og jo fleire fylgjarar me får, jo lettare vert vervejobben. Sakene som har skapt størst engasjement i toårsperioden, er «sidemål suger»-jakkemerket på Høgre-stand, kjendisveterinær Trude Mostue sitt utspel «Helvetes nynorsk», vestlandsregionsaka, «Landsmøtet i Høgre vil fjerna sidemålsskarakteren» og «hjelpelaus nynorsk i eksamensoppgåve ved NTNU Gjøvik». Saka med størst spreiding er sett av over 250 000 personar, medan andre plassen er sett av 90 000. Me sponsar innlegg me meiner er viktig at når ut til flest mogeleg brukarar, særleg verveinnlegg. På Twitter har me 3669 fylgjarar, og aktiviteten har auka i årsmeldingsperioden.



NYTT LAG: Styret i det nye Lom og Skjåk dialekt- og mållag. Frå venstre: Julie Garmo, Ragnhild Kolden, Olav Bruheim Kvåle, Elin Husom Slålien og Kari Anne Skjaak. Beate Stø er også ny styremedlem, men var ikkje til stades då biletet vart teke. (Foto: Marit Aakre Tennø)

PRESSE- OG INFORMASJONSARBEID

Noregs Mållag gjer eit så aktivt presse- og mediearbeid som me har kapasitet til. Me sender ut pressemeldingar i saker der me meiner det er rett eller viktig at Mållaget uttaler seg. I nokre saker vel me å ringja eller gå direkte til enkeltjournalistar som me meiner bør vera spesielt interesserte. Strategien avgjer me frå sak til sak, og både leiar og nestleiar i Noregs Mållag er sentrale i dette arbeidet, i tillegg til informasjons- og organisasjonskonsulent og politisk rådgjevar. I nokre saker høver det best for oss å skriva om ei sak på heimesidene våre eller i Norsk Tidend, men også då opplever me at saker vert plukka opp av pressa.

Medieoppslag dei siste åra:

	«Noregs Mållag»	«Mållag»
2008	645	1157
2009	563	1237
2010	806	1560
2011	609	1321
2012	1347	2176
2013	1245	2102
2014	914	1676
2015	954	1311
2016	1222	2018
2017	1039	1797

Kjelde: Retriever

NORSK TIDEND

Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa blir sendt ut til medlemene i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, og til tingarar av avisa. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 160 sider. Opplaget er 13500. Kjartan Helleve er redaktør, og avisa blir redigert etter redaktørplakaten. Frå nr. 4-2016 til nr. 3-2017 vikarierte Andrea Rygg Nøttveit som redaktør. Avisa vert lagt ut på nett som avissider. Noko av stoffet blir også publisert på Framtida.no.

Medlemsavisa skal fylgja med på stoda for nynorsk, gje informasjon til medlemene i mållaget, og rapportera om arbeidet laget gjer. Norsk Målungdom har som regel ei side til disposisjon, og dagleg leiar i Kringkastingsringen har ei fast spalte. Janne Nygård og Sigmund Falch leverer faste bidrag. Laurits Killingbergtrø lagar kryssordet. Bladet vert sett av Språksmia og trykt hjå Amediatrykk. Skrivarstova skriv det meste av det redaksjonelle innhaldet i avisa, men hentar også ein del stoff frå Nynorsk pressekontor, lokalaviser og andre skribentar.

SKULERINGSTURNÉ I RANDSONENE OM SKULEMÅLSARBEID

Dette arbeidsfeltet vart fyrst byrja på i dette siste arbeidsåret. Me har arbeidd med eit skuleringsopplegg for ein kveld, og tanken var å prøva det ut på lokallaga i

omlandet rundt Bergen i fyrste omgang. Dette arbeidet har me diverre ikkje fått fullført.

Me har hatt innleiingar på to lagssamlingar om skulemål, i Bergen og i Tysvær.

NYNORSKSTAFETTEN

2016

Nynorskstafetten 2016 er den lengste stafetten sidan oppstarten i 2013. Me vitja 23 kommunar i fire fylke, fordelt på 20 dagar. Me byrja i Fredrikstad tysdag 25. oktober og avslutta på Tingvoll laurdag 19. november. Nynorskstafetten stogga i Fredrikstad, Gausdal, Lillehammer, Sør-Fron, Nord-Fron, Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre, Rauma, Vestnes, Sandøy, Mid-sund, Molde, Aukra, Fræna, Gjemnes, Aure, Surnadal, Sunndal og avslutta med haustseminar for Nordmøre på Tingvoll. Til saman vart det køyrt 3580 kilometer.

Stafettmannskapet vitja 19 ungdomsskular og vidaregåande skular, 16 barneskular og 13 barnehagar. Me hadde også møte med 15 ordførarar eller kommunalt tilsette. I tillegg møtte me lokalt næringsliv som nyttar nynorsk til dagleg, og fekk takka dei for nettopp det. På kveldstid hadde dei lokale mållaga skipa heile 13 ulike tilskipingar, som hadde eit breitt spekter av emne som vart tekne opp. Me var med på inspirasjonseminarar for sidemållærarar, næringslivs-pressekonferanse, språkkafé, og var innoom fleire bibliotek.

Me har gjennomført stafetten saman med Norsk Målungdom. Stort sett var me to i bilen, og nokre dagar tre. Til saman reiste ti ulike personar for oss: Leiar, skrivarstove, sentralstyret i NMU og Øystein Skjæveland, som var leigd inn i to veker.

Nynorskstafetten er organisasjonsbyggjande. Me var med på å skipa opp att Eide og Fræna Mållag, hadde møte i Lom og Skjåk med mål om nyskiping og hadde møte på Vestnes og på Aukra, med von om å få til ny aktivitet. Me fekk fleire fine presseoppslag i lokalmedia.

2017

I 2017 var det femårsjubileum for nynorskstafetten. På tre veker vitja me 14 lokallag i til saman 16 kommunar. Me byrja i Valdres 23. oktober med Sør-Aurdal, Etne-dal, Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Øystre Slidre og Vang. Deretter stod Hallingdal for tur, med Gol, Hemsedal, Hol og Ål. Etter ein vervestogg på Voss gjekk turen vidare til Vaksdal, Bergen, Askøy, Fjell og vart avslutta i Sund i Hordaland fredag 10. november.

I framkant av denne stafetten var det gjort nokre nye prioriteringar. Me ville møta flest moglege ordførarar og oppvekstsjefar, og me ville møta rektorar og lærarar på skulane framfor vitjing i klasserom og i barnehagar. I dei barnehagane me vitja, prioriterte me å snakka med dei tilsette.

Me var i møte i 9 barnehagar, 21 barneskular, 7 ungdomsskular og ein vidaregåande skule. Me møtte 13 ordførarar og/eller andre kommunalt tilsette. I tillegg var det 14 lokallagsopplegg på ettermiddag og kveldstid og sju møte med lokalt næringsliv.

Nynorskstafetten er eit tett samarbeid mellom Norsk Målungdom og Noregs Mållag. Det viktigaste bidraget til Norsk Målungdom er målferdene. Dei avta-lar undervisningsopplegg på ungdomsskular og vidaregåande skular. Denne hausten var også lokallagsskrivaren til Norsk Målungdom med på nokre av dagane, og det synte seg å vera lagsbyggjande for målungdomslag.

Me sette av ein dag i Vaksdal, der det vart invitert til oppattskipingsmøte av Vaksdal Mållag på kvelden. Det vart knytt viktige kontaktar, men utan at laget skipa seg opp att. Arbeidet med Vaksdal Mållag held fram.

Organisasjonsnemnda

Organisasjonsnemnda skal arbeida med å gjera organisasjonen slagkraftig og aktivistisk. Nemnda skal skulera leiarar, leiareme og i tillegg medlemmer i kommunar og regionar der det kan bli skulemålsrøystingar.

I dei fyrste to åra i arbeidsprogramperioden vart nemnda laga og hadde eit møte saman på telefon der nemnda gjekk gjennom informasjonstilfanget me tilbyr lokallag og tillitsvalde. Denne gjennomgangen har ført til nokre endringar i opplegget for distribusjon av materiell. I den neste arbeidsperioden vart organisasjonsnemnd prioritert ned av styret, og nemnda vart lagt ned.

ARBEIDSTIPEND

I 2016 gjekk stipenda til Anita Stokke Blomvik for matbloggen kvardagsmat.no, og Geir Larsen for å utvikle språklæringsappar på nynorsk. I 2017 gjekk stipenda til Atle Berge for fotballbloggen branndagboka.no, og Kristine Ullaland for bloggen Grønare kvardag.

Den økonomiske stoda for Mållaget har vore stabil og som regel litt på plussida dei siste åra, og 2017 enda med eit overskot på 341'. Ein viktig grunn til overskotet kjem av ei tilskotsordning frå staten, der organisasjonar som ikkje hadde speleautomatar i si tid, har fått kompensasjon i ein overgangsperiode. Me gjekk også med 113' i overskot i 2016. Det har gjort at eigenkapitalen vår no er styrkt med om lag 450 000 kroner. Ein god eigenkapital kan vera avgjerande i uventa situasjonar som krev styrkt innsats frå Mållaget over ein periode, eller for å greia å realisera planane om ein gong å få kjøpt eit kontorlokale til skrifvarstova. Det er framleis slik at brorparten av inntektene våre kjem frå medlemene, gjennom medlemspengar, målgåver og loddsal. Det gjer stillinga vår temmeleg fri, og framtida for organisasjonen ubunden av skiftande politiske fleirtal.

HØYRING OM FORDELING AV OVERSKOTET FRÅ NORSK TIPPING

Etter at friviljuge organisasjonar ikkje lenger fekk lov til å ha speleautomatar, fekk dei som tidlegare hadde store inntekter derifrå, kompensert mykje av inntekstapet med midlar frå overskotet i Norsk Tipping. Eit permanent regelverk for desse overføringane har vore påtenkt lenge, og i samband med det arbeidet oppretta departementet ei overgangsordning for fordeling av tippemidlane der også organisasjonar som ikkje hadde hatt speleautomatar, fekk vera med. Noregs Mållag kom inn i ordninga 2015 og har fått pengar derifrå i tre år. Sommaren 2016 var regelverket for fordelinga av tippemidlane på høyring. Då var det framlegg om to punkt som båe ville føra til at vi ramla ut av ordninga. Det eine var å innføra ei minstegrense på driftsinntekter på 20 millionar kroner. Det andre var å ta ut interesseorganisasjonar av ordninga, og berre la kategoriane helse, sosiale tenester, krisehjelp- og støttarbeid og

natur, miljø og dyrevern vera med. Noregs Mållag leverte høyringssvar og argumenterte mot båe framlegga. Inntektskravet vart i det endelege vedtaket sett ned til 10 millionar kroner. Målgruppa for fordelinga vart likevel ståande, og dermed er me ute av ordninga frå og med 2018.

HØYRING OM STIFTINGSLOVA

I januar 2017 var det høyringsfrist for ny stiftingslov. Noregs Mållag har lokallag som har oppretta stiftingar før dei førre endringane til stiftingslov kom og som då ikkje har kunna nytta godt av midlane dei har plassert i stiftinga til eige målarbeid, endå om føremålet med stiftinga var å bidra til målarbeid. Me spelte difor inn i høyringa at me vona den presiseringa som utvalet har kome med til § 59 om dispensasjonar, no gjer det lettare for slike stiftingar å søkja dispensasjon for å kunna dela ut midlar til eige målarbeid.

STATSBUDSJETTET

Me byrja for alvor budsjettarbeidet vårt då me såg at inntektsgrunnlaget i 2018 ville bli vesentleg svekt. Me snakka med politikarar frå mange parti, med vekt på KrF og Venstre som hadde ei nøkkelrolle i budsjettforhandlingane med regjeringa. Me møtte på budsjett-høyring i kultur- og familiekomiteen på Stortinget. Me utarbeidde ein argumentasjon for kvifor me tykte det var rett at Noregs Mållag burde få auka statsbudsjett-løyvinga. Me peika mellom anna på at det er lite som gjev meir nynorsk for pengane. Slik var endringane etter at statsbudsjettforhandlingane var avslutta: LNK fekk ei påplussing på 1,2 millionar, Noregs Mållag fekk 1,1 million ekstra, Vinje-senteret fekk 1,6 millionar, produksjonstilskotet til aviser auka med 5 millionar, Hordaland Teater fekk 1 million ekstra og Det Norske Samlaget fekk ei løyving som ligg éin million over det opphavlege utkastet til regjeringa.

KULTURLOTTERIET

	2016	2017
Inntekter		
Loddsal	372 435	358 670
Refusjon frå K. Aspelund		4 375
Sum inntekter	372 435	363 045
Kostnader		
Vinstar	62 457	77 597
Trykking	81 039	81 151
Porto	12 105	12 861
Administrasjon	30 000	30 000
Gebyr	6 000	6 000
Sum utgifter	191 601	207 609
OVERSKOT	180 834	155 436

INGA OG GJØA LUTROS LEGAT

	2016	2017
Inntekter		
Renter	979	4 808
Overført til Noregs Mållag	979	4 808
Balanse		
<i>Aktiva</i>		
Bankinnskott	602 678	602 678
<i>Passiva</i>		
Legat	602 678	602 678

NOREGS MÅLLAG

Rekneskapen for 2016 viser eit overskot på 113 000 kroner og 2017 eit overskot på 341 000 kroner, medrekna finansinntekter. Det var budsjetttert med underskot i 2016 på 27 000 og overskot i 2017 på 78 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak forandra til underskot på 206 000 og 294 000 kroner. Tildelinga av tippemidlar var høgare i 2017 enn venta. Eit høgt medlemstal hjelper også på inntektene, både på kort og lang sikt. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 5 461 926. Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er nær ti gonger så høg. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Under nokre av postane under står 2017-talet fyrst, deretter står 2016-talet i parentes.

SAL AV MATERIELL

Posten gjeld sal av tilfang (servise, bøker og anna profileringsmateriell).

NORSK TIDEND

Norsk Tidend kom ut med fem nummer både i 2016 og i 2017. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særlege framstøytar for å auka det.

KULTURLOTTERI

Lotteriet er tufta på friviljug sal ute i laga og direktosal frå skrivarstova. I 2017 selde laga 2 790 lodd (2740), og medlemene kjøpte 16 398 lodd (17 115) direkte frå skrivarstova. Dette salet var om lag som budsjetttert.

MEDLEMSPENGAR

Talet på medlemmer gjekk opp med 389 i 2016 og vidare opp med 829 i 2017.

PRISAR OG STIPEND

100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årvisst. 20 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som me står saman om å dela ut.

MØTE- OG SEMINARINNTEKTER

Denne posten inneheld haustseminar i Lom i 2016 og vinterseminar i Bryne og haustseminar i Trondheim i 2017.

TENESTESAL

Inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby, og på tenester der andre nærskylde tiltak er med og spleisar.

MÅLGÅVER

Innbetalningar over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend.

STATSTILSKOT

Driftstilskot frå Kulturdept. på 4 168 000 kroner (4 107 000 kroner), i tillegg fekk me i 2016 375 000 kroner frå Utdanningsdirektoratet til «ålmenne føremål i grunnskulen».

PROSJEKT I FYLKESLAGA

Kostnadene med tilsette for Agderfylka og for Buskerud Mållag går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaling frå desse fylkeslaga, som svarer til dei kostnadene me har hatt (synleg på eiga linje under kostnader). I tillegg er løyvinga til stillinga i Hordaland Mållag på 100 000 kroner for 2017, ført her.

ANDRE LAGSINNTEKTER

I 2017 fekk me 1 373 806 (956 869) kroner frå tippe-midlane frå ei overgangsordning som tok slutt med den

utbetalinga. Summen me får tildelt, har variert i dei tre åra ordninga har funnest.

LEIGEINNTEKTER

Leigeinntekter frå skrifvarloftet (i Schweigaardsgt 52) og kontor plass til Kringkastingsringen og Norsk Målundom.

UTTAK AV VARER

Gåver til innleiarar og andre.

YMSE

Posten inneheld momsrefusjon og refusjon som gjeld frikjøp av tilsette som har politiske verv.

LØYVINGAR OG GÅVER

Offentlege tilskot	2017	2016
Kultur- og kyrkjedep.	4 268 000	4 207 000
Utdanningsdirektoratet	0	375 000
Lottstift-tippemidlar	1 373 806	956 869
Sum, offentlege tilskot	5 641 806	5 538 869

MATERIELL FOR SAL

Det meste av kostnadene her gjeld profiltilfang, aksjonsmateriell, bøker innkjøpte for vidaresal og endring i varelageret.

NORSK TIDEND

Om lag 520 000 (383 000) er utforming og trykk av Norsk Tidend. 367 000 (409 000) er adresserings- og portokostnader. Elles ligg det også kostnader som reiser og kjøp av artiklar og bilete i denne posten.

ANDRE TRYKKJEKOSTNADER

Kostnader med flygeblad og materiell til aksjonsbruk.

KULTURLOTTERI

I hovudsak vinstar, porto og trykking av lodd. Elles kostnad for løyve og for destruksjon av ikkje selde lodd.

REFUSJON MEDLEMPENGAR

Refusjon av medlemspengar skal gjerast innan 1. mars kvart år. Refusjon medlemspengar for 2017 er utrekna til totalt 880 000 kroner (823 430 kroner). Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 eller 30 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

LØN OG HONORAR

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, honorar til revisjon. Honorar til kursinnleiarar, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid er førte på dei respektive prosjekta. Refusjon av sjukepengar er ført her. Oversyn over stil-

lingar og tilsette står på side 46. Dagleg leiar er plassert i lønsssteg 70 i statsregulativet.

LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER

Lønskostnader	2017	2016
Løn, feriepengar o.l.	5 550 582	4 807 965
Folketrygdavgift	731 888	650 642
Anna godtgjersle	30 616	68 569
Sum lønskostnader	6 313 086	5 527 176

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 8

Godtgjersle 2017	Dagleg leiar	Styret
Løn	639 966	685 674
Anna godtgjersle	120 953	98 307
Sum godtgjersle	760 919	783 981

Godtgjersle 2016	Dagleg leiar	Styret
Løn	586 736	647 386
Anna godtgjersle	94 525	107 463
Sum godtgjersle	681 261	754 849

REVISOR

Kostnadsført revisjonshonorar for 2017 er kr 100 000,- og 93 750,- for 2016.

TENESTESAL

Kostnader med kurstillbod.

HUSLEIGE OG STRAUM

Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førde her. Husleigeposten er bruttoförd. Det vil seia at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER

Porto og telefon utgjær 347 000 kroner (426 000 kroner). Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellom anna heimesida), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell.

PRESSEKLYPP

Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag.

PRISAR OG STIPEND

Posten gjeld to arbeidsstipend à 50 000 kroner og litteraturprisane.

LANDSMØTE

Posten inneheld alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphald for styret, tilsette og gjester, og reiseutjamning til utsendingane.

MØTE- OG REISEUTGIFTER

Møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

LØYVINGAR, GÅVER**2017**

Festskrift Olaf Almenningen	20 000,-
Hol Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Eide og Fræna Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Mållaget i LO – oppstartsløyving	5 000,-
Lom og Skjåk Mållag – oppstartsløyving	5 000,-

2016

Svalbard-ekspedisjon - nynorskblogg	5 000,-
Senjamållaget – oppstartsløyving	5 000,-
Dalane Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Sirdal Mållag – oppstartsløyving	5 000,-

LØYVING NMU

Driftstilskot til Norsk Målungdom.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 1: SKULEMÅL

Kostnader i samband med røystingar om skulemålet og anna skulemålsarbeid.

2017

Klepp Mållag - røysting i Orstad	40 000,-
Ulstein Mållag – Nynorsk aktivitetshäfte	20 000,-

2016

Romsdal Mållag	8 000,-
Tysvær Mållag	15 000,-

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2: BARN OG UNGE

Kostnader til barnehagearbeid og arbeid med litteratur for barn og unge.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 3: OFFENTLEG MÅLBRUK

Kostnader til arbeid med offentleg målbruk.

ORGANISASJONSMIDLAR**2017**

Oslo Mållag, debattkveld	10 000,-
Bergen Mållag, Bergenskonferansen	20 000,-
Mållaga i Nord Hordaland, nynorsk for vaksne innvandrarar	8 000,-

Rogaland Mållag, prosjektstilling	40 000,-
Mållaget Ivar Kleiven, nynorsk for vaksne innvandrarar	10 000,-
Nordmøre Mållag, kurs for barnehage lærarar	12 000,-
Lærarmållaget, motivasjonsdag for lærarar i Varanger	20 000,-
Sunnmøre Mållag, – motivasjonssamling for eigne aktivistar	10 000,-
Sunnmøre Mållag, haustseminar	12 500,-
Hemsedal Mållag, dialektleir	25 000,-
Tysvær Mållag, barnehagebokpakker	10 000,-
Norsk Målungdom, valkampmateriell	10 000,-
Odda og Hordaland Mållag, sidemåls møte i Bergen	15 000,-
Balsfjord Mållag, 40-årsjubileum	7 500,-
Hjelmeland Mållag	3 000,-
Vikværingen Mållag, motivasjonsdag lærarar	25 000,-
Lillehammer Mållag, forfattarkveld	4 000,-
Stavanger Mållag, debattmøte	6 000,-
Skånevik Mållag, «Ny interesse for Mållaget»	6 000,-
Målselv Mållag, markering av 70-årsjubileum	7 500,-
Volda Mållag, bokutgjeving	10 000,-

2016

Noregs Lærarmållag, org.bygging	5 500,-
Numedal Mållag	15 000,-
Sunnmøre Mållag, seminar	10 200,-
Medisinsk Mållag	7 500,-
Toten Dialekt og Mållag	6 000,-
Senjamållaget, Senjaseminar	20 000,-
Østfold Mållag, Hællæ nynorsk	15 000,-
Kvam Mållag, Littlarm	3 000,-
Bærum Mållag	5 000,-
Vikværingen, motivasjonsdag	35 000,-
Varanger Mållag, 40- årsjubileum	20 000,-
Ørsta Mållag, barnehagetiltak	5 000,-
Inderøy Mållag, nynorskforfattarkveld	6 000,-
Hordaland Mållag, Bergenskonferansen	10 000,-
Hordaland Mållag, idedugnad	9 000,-
Sande Mållag	5 000,-

FINANSPOSTAR

Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkontoar og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgiftene er gebyr.

TAL I 1000 KRONER	2014	2015	2016	2016	2017	2017	2017
INNTEKTER	REK	REK	LM	REK	LM	Rev. styret	REK
Sal av materiell	94	103	120	91	120	110	145
Norsk Tidend	87	104	70	101	90	100	78
Kulturlotteri	350	344	350	372	350	370	363
Medlemspengar	3 548	3 674	3 500	3 818	3 800	3 819	4 075
Prisar og stipend	120	120	120	120	120	120	120
Landsmøte	685	0	0	913	0	0	0
Møte-/seminarinntekter	36	52	150	107	100	150	119
Tenestosal	6	6	70	9	5	8	7
Målgåver	1002	953	950	1006	950	1000	1 022
Statstilskot	4 296	4 428	4 250	4 482	4 500	4 518	4 168
Løyvingar og gåver	36	0	50	0	20	20	0
Prosjekt i fylkeslaga	291	385	500	520	400	742	675
Andre lagsinntekter	0	734	0	958	600	750	1 374
Leigeinntekter	208	232	230	226	230	226	265
Uttak av varer	21	0	20	0	20	15	5
mva-refusjon	444	428	-	410	400	400	468
Ymse	137	212	360	117	30	80	185
Sum inntekter	11 361	11 775	10 740	13 250	11 735	12 428	13 069
KOSTNADER							
Materiell for sal	95	84	80	85	80	90	140
Norsk Tidend	719	697	720	816	730	870	887
Andre trykkjekostnader	190	93	100	123	100	150	175
Kulturlotteri	252	252	230	191	250	230	208
Ref.medlemspengar	710	797	720	823	800	830	880
Løn og honorar	4 071	4 631	4 450	4 866	5 200	5 385	5 375
Tenestosal	-	-	2	-	2	0	-
Husleige, straum	915	961	950	1 032	990	1050	1 126
Presseklypp	74	70	80	72	80	75	74
Prisar og stipend	160	160	190	163	180	180	160
Drifts- og kontorutg.	1 328	1 342	1350	1 560	1430	1 550	1 369
Landsmøte	940	5	0	1 286	0	0	10
Seminar/konferansar	209	236	300	147	280	280	368
Styre-/landsrådsmøte	152	219	190	234	200	250	191
Andre møte/reiser	211	204	190	195	200	210	294
Prosjekt i fylkeslaga	291	385	500	517	400	742	775
Løyvingar/gåver	17	20	25	25	30	50	30
Løyving NMU	330	250	250	540	200	200	200
Satsing 1: skulemål	34	54	180	123	120	120	177
Satsing 2: Barn og unge	10	28	50	40	50	50	3
Satsing 3: Offentleg målbruk			80	26	70	50	3
Språkstafetten	147	119	50	119	140	150	71
Organisasjonstiltak	200	270	200	188	200	250	271
Avskr., tap på krav	1	2	10	3	10	10	-
Sum kostnader	11 056	10 879	10 897	13 174	11 742	12 772	12 787
Resultat før finanspostar	305	896	-157	76	-7	-344	282
FINANSPOSTAR							
Utbyte	24	2	25	6	20	20	13
Aksjevinst		50					.
Finansinntekter	132	99	145	66	100	65	78
Finansutgifter	-183	-33	-25	-35	-35	-35	-32
Sum finanspostar	-27	118	145	37	85	50	59
Ekstraord.inntekter				0			
RESULTAT	278	1 014	-12	113	78	-294	341
Overført eigenkapital	278	1 014		113			341

Balanse 2016/2017

ANLEGGSMIDLAR	2015	2016	2017
Husvære ¹	326 070	326 070	326 070
Sum varige driftsmidler	326 070	326 070	326 070
Depositum husleige Lilletorget 1	363 367	363 367	385 378
Fondet for norsk målreising	533 000	533 000	533 000
Sum finansielle anleggsmidler	896 367	896 367	918 378
Sum anleggsmidler	1 222 437	1 222 437	1 244 448
OMLAUPSMIDLAR			
Varer ²	99 400	99 400	125 000
Kundekrav	420 191	271 957	668 547
Opptente inntekter ³	88 240	39 850	39 336
Forskottsbetalte driftskostnader	5 000	0	0
Forskottsbetalt IT-støtte	48 534	48 534	48 534
Fondet for norsk mål	49 929	53 379	63 616
Sum krav	611 894	413 720	820 033
Luter ⁴	16 200	16 200	16 200
Sum investeringar	16 200	16 200	16 200
Bankinnskot ⁵	7 327 082	9 579 160	12 402 441
Sum bankinnskot	7 327 082	9 579 160	12 402 441
Sum omlaufsmidler	8 054 576	10 108 480	13 363 674
SUM EIGE	9 277 013	11 330 917	14 608 122
EIGENKAPITAL			
Eigenkapital	-3 994 016	-5 007 596	-5 120 438
Resultat i perioden	-1 013 580	-112 842	-341 487
Sum opptent eigenkapital⁶	-5 007 596	-5 120 438	-5 461 926
SKULD			
Gåve ⁷	-2 017 145	-4 037 917	-5 082 537
Husfond ⁸	-75 000	-75 000	-75 000
Sum anna langsiktig skuld	-2 092 145	-4 112 917	-5 157 537
Leverandørgjeld	-217 938	-43 580	-112 681
Skuldige medlemspengar	-876 456	-972 207	-1 010 129
Medlemspengar neste år	-32 000	-70 400	-77 760
Nedlagde/sovande lag	-98 764	-107 637	-129 149
Skuldige off. avg./feriepengar	-733 751	-852 999	-999 059
Anna kortsiktig skuld ⁹	-218 363	-50 739	-1 659 882
Sum kortsiktig skuld	-2 177 272	-2 097 562	-3 988 660
SUM SKULD	-4 269 417	-6 210 479	-9 146 197
EIGENKAPITAL OG SKULD	-9 277 013	-11 330 917	-14 608 122

NOTAR

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningslinjer i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak. Krava er førte opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

1: Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo
Oppført verdi kr 326 070,-. Kjøpt for kr 326 070,- i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husveret i Schweigaards gate i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,-.

2: Noregs Mållags lager av profileringsmaterieil og bøker oppført til innkjøpsverdi.

3: Opptente inntekter inneheld uteståande krav, m.a. medlemspengar frå lag med lokal innkrevjing.

4: Noregs Mållag har luter i:
Selskap|Tal|Kostpris|Bokf. verdi|Likn.verdi
Det Norske Teatret | 23 stk | 11 200 | 0 | 0
Orkla A | 1380 stk | 16200 | 16200 | 95703
Dag og Tid | 475 stk | 10 000 | 0 | 3
Dag Bondeheim AS | 150 stk | 0 | 0 | 0
Til saman:

Kostpris: 37 400

Bokførd verdi: 16 200

Likningsverdi: 95 703

Lutane i Dag Bondeheim er nedskrivne til 0.

5: Av bankinnskot er kr 179 500,- bundne til skattetrekk. Depositum for lotteriet kr 150 000,-.

6:	2016	2017
Eigenkapital	5 007 595	5 120 438
Årsresultat	112 843	341 488
Sum eigenkapital	5 120 438	5 461 926

7: Motteken gåve skal nyttast til spesielle føremål jf. avtale med gjevar.

8: Husfondet 75 000 kr.

9: Kortsiktig skuld inneheld avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2017 og kostnader i 2017 med forfall i 2018.

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

HEIDERSMEDLEMER

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no:
Olga Meyer, Marie Lovise Widnes, Audun Heskestad og Guri Vesaas.

Heidersmedlemene Einfrid Perstølen, Torolv Hesthamar, Bjørnar Østgård og Hans Olav Tungesvik gjekk alle bort i 2017.

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret og arbeidsutvalet har i perioden vore:

Leiar: Magne Aasbrenn (AU)

Nestleiar: Jens Kihl (AU)

Styremedlemer: Ingrid Fiskaa (AU), Inger Vederhus, Inger Johanne Sæterbakk, Peder Lofnes Hauge, Synnøve Marie Sætre (16–17, NMU), Fredrik Hope (17–18, NMU)

Varamedlemer: Haakon Aase, Randi Lohndal Frestad, Birgitta Lim Ersland og Øyvind Fenne.

Styret har hatt 11 fysiske møte og eit par e-postmøte med naudsynte avklaringar i landsmøteperioden. Om lag 160 saker har vore oppe, og dei viktigaste sakene har vore kommune- og regionreforma, partiprogramma i valkampen 2017 og norskfaget / vilkåra for nynorsk-elevane. I tillegg har styret vore oppteke av gode resultat i arbeidet med nynorsk for vaksne innvandrarar, organisasjonsbygging/verving og gjennomføringa av nynorskstafetten.

I denne perioden har Magne Aasbrenn hatt frikjøp som leiar i 100 prosent, medan Jens Kihl har hatt frikjøp som nestleiar i 20 prosent.

AU har hatt to formelle møte i perioden for å førebu styremøte eller avklara saker som har kome opp mellom styremøta. I tillegg har leiar, nestleiar og dagleg leiar hatt møte kvar 14. dag med vekt på prioriteringar i mediarbeidet og gjennomgang av saker i arbeid.

LANDSRÅDET

Landsrådet har også denne perioden hatt sine årlege novembermøte, til saman to møte sidan førre landsmøte. Rådet har handsama 14 saker. Dei viktigaste har vore region- og kommunereforma, god nynorskpolitikk i partiprogramma, verving og arbeidsprogrammet for 2018–2022. I tillegg diskuterer landsrådet kvar gong den politiske situasjonen og har ei lengre erfaringsutveksling fylkeslaga imellom om ulike sider ved målarbeidet.

VALNEMNDA

Valnemnda har i perioden vore:

Leiar: Steinulf Tungesvik

Medlemer: Ragnfrid Trohaug, Marit Krogsæter, Sigbjørn Hjelmbrekke og Åsmund Kvifte (NMU)

Varamedlemer: Mats Kvaløy-Bjørbeek, Øystein Vangsnes og Aud Søyland

Varamedlemer NMU: Kirsti Lunde og Øystein Sandve

SKRIVARSTOVA

Tilsette i perioden har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen (heilt eller delvis sjukmeld i perioden 16. oktober til 10. april)

Organisasjons- og informasjonskonsulent: Hege Lothe (80 %) (konstituert dagleg leiar frå 6. november til 6. februar, og i 100 % frå 6. november til 6. mars)

Økonomikonsulent: Per Henning Arntsen

Organisasjonskonsulent: Erik Grov

Redaktør og informasjonskonsulent: Kjartan Helleve (50 % frå 1. august 2016 til 30. juni 2017)

Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy

Politisk rådgjevar: Marit Aakre Tennø (80 % frå 22. august 2016 til 7. november 2017, deretter 100 %)

Kontormedarbeidar: Karl Peder Mork (10–20 %)

I tillegg har Øystein Skjæveland, Synnøve Midtbø Myking og Svein Soldal Eggerud alle vore engasjerte i nokre få veker til ulike tidsavgrensa oppgåver.

NEMNDER OG UTVAL

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåra 2016–2018. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje førte opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS

Knut Åge Teigen (2014–2017)
Marte Frette (2015–2018)
Gudrun Kløve Juuhl (2016–2019)
Kristine Thorkildsen (2017–2020)

NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS

Siri Ingvaldsen (2015–2018)

STYRET FOR NORSK BARNEBLAD

Karoline Riise Kristiansen (2016–2018)
Vara: Øystein Espe Bae (2016–2018)

RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD

Magnus Bernhardsen (2016–2018)
Helene Urdland Karlsen (2016–2018)
1. *vara:* Gard Espeland (2016–2018)
2. *vara:* Synnøve Midtbø Myking (2016–2018)

NYNORSK PRESSEKONTOR

Tom Hetland (2015–2019)
Inger Johanne Sæterbakk (2016–2018)
Vara:
Jens Kihl (2016–2018)
Svein Olav Langåker (2016–2019)

VESTMANNAFONDET

Haakon Aase (2015–2019)

JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS

Nina Refseth (2015–2017)
Nina Berge Rudi (2014–2018)
Marianne Njøsén (2016–2018)
Magne Aasbrenn (2014–2018)
Øystein Skjæveland (2015–2019)
Arne Hjeltne (2017–2019)

STIFTINGA VENER AV DAG OG TID (FØR RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE)

Helene Urdland Karlsen (2015–)
Bjørn Karsrud (2015–)

FONDET FOR NORSK MÅLREISING

Erik Bolstad (2013–2019)
Jens Romslo (2013–2019)
Eva Holthe Enoksen (2013–2017)
Karl Peder Mork (2017–2019)

RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM

Vidar Lund (2016–2020)
Vara: Bente Riise (2016–2020)

VALNEMNDA FOR DET NORSKE TEATRET

Magne Aasbrenn (2016–2019)

STIFTINGA MAGASINETT

Vebjørn Sture (2015–2019)

STIFTINGA PIRION

Vebjørn Sture (2015–2019)

HALLDOR O. OPEDALS FOND

Karstein Bjørge (2012–2017)
Håkon Remøy (2017–2021)

SANDEFJORD OG SANDARS LEGAT

Daniel Ims (2015–2019)

AKADEMIFONDET I RAULAND

Gro Morken Endresen (2017–2019)

OSLO NYE SPAREBANKS FOND

Erik Bolstad (2010–2021)
Vara: Jens Kihl (2010–2021)

ANNE RØFLO LONGVA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND

Janne Nygård (2015–2019)
Vara: Nina Berge Rudi (2015–2019)

FAGLEG UTVAL

Terje Kollbotn (*leiar*)
Haakon Aase
Karl Peder Mork
Ingunn Gjerstad
Gunvor Sen
Helga Hjetland
Roald Arentz

Norsk Målungdom

Dei siste to arbeidsåra har Norsk Målungdom hatt historisk høge medlemstal, skipa til vellukka kampanjar og kome eit steg vidare i mange viktige saker for nynorsken, dialektane og språkmangfaldet. Me har prioritert å engasjera og organisera flest mogleg ungdomar i dei to føregåande åra, og vonar det vil føra til vidare vokster for Norsk Målungdom, Noregs Mållag og målrørsla i framtida.

UTETTER

Det utetterretta arbeidet dei siste to åra har vore prega av to store kampanjar. I 2016 skipa me til kampanjen Framtidas superlærar kan nynorsk! for å skapa auka medvit om og gjera noko med den dårlege og vantande nynorskundervisinga lærarstudentane får. Me hadde ei kampanjeveke på hausten der me engasjerte lokal-laga og vedtok det politiske programmet Nynorsk i lærarutdanningane på landsmøtet. Eit viktig resultat av kampanjen var at me bygde opp eit godt tilhøve til Pedagogstudentene i Utdanningsforbundet, noko me har arbeidd vidare med i 2017.

Mange trur mykje om nynorsk, og mykje av det dei trur er feil. Det er grunnen til at me i arbeidsåret 2017–2018 skipa til kampanjen Nynorsk myteknusar. Målet var å knusa mytar, gje ungdom meir kunnskap og bidra til eit meir opplyst ordskifte om nynorsk. Kampanjen var tema for julekalenderen vår i sosiale medium, der me laga videoar om nynorskmytar som vart spreidd mykje og som me fekk gode attendemeldingar på. Me samla gode svar på vanlege mytar på nettstaden nynorskmyteknusar.no, skrivne av røynde målungdomar. Dessutan skipa me til kampanjeveke i overgangen mellom januar–februar 2017, der lokallaga skipa til stand og medlemsmøte. Det mest handfaste resultatet av kampanjen er at me har laga nye gode ressursar som kan hjelpa medlemer og nynorskvenner i framtida, og

at me har skulert vår eigen medlemsmasse i korleis dei kan svara på vanlege mytar og misforståingar.

Elles har me arbeidd mykje med nynorsk i skulen og høgare utdanning. Me har markert oss i dei stadige ordskifta i om sidemålet sin plass i norskfaget, levert høyringsvar til arbeidet med ny overordna del av læreplanen og dei sokalla kjerneelementa i dei nye læreplanane og jobba for å få ungdomspartia til å vedta best mogleg språkpolitikk generelt og sidemålspolitikk spesielt. Me har ein klageportal for studentar som ikkje får eksamen på nynorsk, og hjelper studentar med å senda inn klager til utdanningsinstitusjonen og Språkrådet.

Dialektprisen for 2017 gjekk til programleiarane Ronny Brede Aase, Silje Nordnes og Markus Neby for innsatsen deira i programet P3Morgen. Det var ei sær positiv oppleving, og det var tre nøgde og krye prismottakarar som tydeleg sette stor pris på å ta mot prisen vår.

Noko av det viktigaste arbeidet me gjer, er målferder. Me har hatt som mål å ha 110 økter i båe dei to føregåande arbeidsåra. Gjennom dette arbeidet når me ut til fleire tusen elevar, som får læra og reflektera rundt den norske språkstoda på ein annan måte enn dei kanskje elles er vane med. Me har òg, i samarbeid med Noregs Mållag, hatt gleda av å delta i Nynorskstafetten.

INNETTER

Norsk Målungdom har gjennom godt vervearbeid opplevd ein solid vekst dei siste åra. Fleire aktive lokallag og fleire unge medlemer gjev auka medlemstal. I 2016 enda medlemstalet opp på 1489 medlemer, medan me i 2017 enda opp med 1504 medlemer. Av desse var 1069 under 26 år i 2016, medan me i 2017 hadde 1175 medlemer i same aldersspenn.

Tala for 2017 er det høgaste totale medlemstalet sidan 2007, og det høgaste talet på medlemer under 26

år sidan 2005. Mykje av grunnen til at me har rekord-høge medlemstal, er at me har fått fleire og meir aktive lokallag. Dette skriv seg i stor mon frå prosjektet lokallagsskrivaren. Me har dei to siste arbeidsåra hatt ein ekstra tilsett på skrivarstova, som har arbeidd med å stø lokallaga og å skipa nye lokallag. Lokallagsskrivaren har vore halvfinansiert av Noregs Mållag, og gjer at me har hatt større kapasitet til å skipa og oppattskipa lokallag. Me har òg hatt betre kapasitet til å hjelpa laga med å skaffa bankkonto, noko som er ein omfattande prosess for laga våre, særleg i dei med tillitsvalde under 18 år.

Me arbeider stadig med å fornya og forenkla systema våre, og i dei to føregåande arbeidsperiodane har me teke lange steg i rett retning. Me lanserte nye

nettsider i juni 2016, har fått nytt målgåveregister og har byrja omlegginga til eit datasystem som byggjer på skyløysingar. Den nye grafiske profilen vår frå 2014 vert stadig innarbeidd i organisasjonen, og me har fått nye flygeblad og ymse anna tilfang i den nye profilen.

Økonomien vår er trong, men stabil. Mantraet vårt er at kvar krone me sparer, kan me bruka på nynorsk. Dette gjer sitt til at medlemene våre får mykje god språkpolitikk og ungt engasjement for kvar krone. Når det er sagt, er det avgjerande for drifta vår at me får støtte til å halda fram og helst ekspandera arbeidet vårt i åra som kjem.

Medlemer per fylke

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Agder	14	18	22	16	18	23	18	14
Buskerud	19	11	13	15	15	13	14	21
Finnmark	18	8	6	9	9	9	4	4
Hedmark	7	15	19	18	18	18	13	8
Hordaland	273	300	336	302	316	273	214	242
Møre og Romsdal	189	174	159	129	132	131	77	87
Nord-Trøndelag	13	15	14	15	18	23	8	8
Nordland	11	14	12	9	21	11	6	12
Oppland	49	46	37	27	35	29	24	24
Oslo 235	232	217	202	190	217	195	196	
Rogaland	133	138	122	123	101	125	123	128
Sogn og Fjordane	280	269	209	199	215	169	165	128
Svalbard	0	0	0	1	0	0	0	0
Sør-Trøndelag	86	92	86	84	92	87	65	99
Telemark	21	27	23	26	33	27	33	31
Troms	46	31	21	19	18	19	9	15
Vest-Agder	21	19	22	17	21	33	32	34
Vestfold	5	8	7	10	12	6	5	3
Østfold	8	11	16	11	15	6	6	8
Utlandet	20	17	10	13	4	8	8	5
Sum	1504	1489	1394	1289	1330	1275	1066	1112

Nærskylde

Allkunne – levande leksikon

Allkunne er eit redigert, kvalitetssikra og språkvaska oppslagsverk på nynorsk, som driv nettstaden Allkunne.no og kontoane @Allkunne på Instagram, Facebook og Twitter. Allkunne er finansiert med ei årleg øyremerkt løyving frå Kulturdepartementet, og er elles ei avdeling i Nynorsk kultursentrum, med kontor i Ivar Aasen-tunet.

På nettstaden kan lesarane finna 25 000 artiklar om alt frå ferskvassfisk, mørk materie og vindar til Donald Trump, katalansk, Aasta Hansteen og bannskap. Allkunne har to hovudoppgåver: 1) dokumentera og formidla den nynorske kulturhistoria og 2) gjera kunnskap om alle emna i verda tilgjengeleg på nynorsk. I 2016 og 2017 er det særleg publisert mange artiklar om litteratur, norsk politikk, språkvitskap, biologi og statsleiarar. Kvar dag vert nye artiklar publiserte på nettstaden, og spreidde i sosiale medium.

Allkunne er det største nordiske leksikonet på Facebook med 5 608 fylgjarar 31.12.2017. I 2015 las gjestene på nettstaden 918 artiklar om dagen. I 2017 vart 1 603 artiklar lesne kvar dag. Det er ein auke på 75 prosent. Talet på gjester har også auka frå 169 213 i 2015 til 299 467 i 2017, altså med 77 prosent. Den store auken syner at fleire får auga opp for innhaldet på nettstaden, men det syner også at potensialet er stort når utgangspunktet er lite. Dei komande åra er det viktig å arbeida for at Allkunne vert meir nytta i den vidaregåande skulen, slik at fleire ungdommar møter nynorske fagtekstar på område dei arbeider med eller er interesserte i.

Dagleg leiari og redaktør er Per Magnus Finnanger Sandsmark. Stina Aasen Lødemel er redaksjonssekretær. Frå 1.1.2018 er redaksjonsmedlemmane bibliotekar Mariann Schjeide (Ålesund/ Skodje), statsmeterolog og

stipendiat i oseanografi Kjersti Opstad Strand (Austevoll/ Bergen), statsvitar Svein Erik Tuastad (Kvinherad/ Stavanger), norsklektor Espen Tørset (Skaun) og historikar Øystein Lydik Idsø Viksen (Overhalla/ Oslo). Fast språkvaskar er Kåre Vigestad. Over 200 fagfolk har så langt bidrege som forfattarar eller fagkonsulentar.

Dag og Tid

Selskapet Dag og Tid AS gjev ut den frie og ubundne vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i framgang gjennom mange år og nådde i 2016 eit opplag på over 11.000 for fyrste gong. Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt.

Det Norske Samlaget

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2017 ut 102 nye titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og lærebøker til grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. 2017 var eit godt år for Samlaget. Både Olaug Nilssen og Maria Parr fekk Brageprisen for sine bøker Tung Tids Tale og Keeperen og havet. Boksålet var om lag på same nivået som i 2016, i tillegg til dei to nemnde markerte nye bøker av Elena Ferrante, og titlar som Lothepus, Juleroser og Røff guide til bibelen seg sterkt på bestseljarlistene. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingtallet gjekk opp med 3 % til 2 600 i 2017.

Det Norske Teatret

Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skapa nye uttrykk og nå eit stort publikum.

Det er om lag 250 tilsette totalt på teateret og talet på skodespelarårsverk i 2018 er 64,80. I 2018 har vi 105 skodespelarar engasjert. Av desse har heile 24 familiebakgrunn utanfor Europa. Det Norske Teatret hadde 267 297 publikummarar i 2017. Det høgaste nokon gong. Vi hadde 32 eigenproduksjonar i 2017. Av desse hadde 20 premiere i 2017, og av desse var 13 uroppføringar. Vi hadde 8 gjestespel på huset, og Det Norske Teatret har vore ute på spelferd med 9 produksjonar og fylt ei helg med program frå teateret på Oscarshall i samband med Kongeparets 80-årsfeiring. I alt 29.757 personar har sett ei framsyning på spelferd. Samla tilbod utgjer 58 ulike titlar til publikum.

I 2017 var nærmare 30.000 barn og unge i teateret på framsyning. I tillegg var om lag 23.000 barn og unge på eit formidlingsopplegg eller undervisningsopplegg i regi av teateret. (DKS, Skoleverkstad, Bikubebarn, Den Mangfaldige Scenen, ungdomskortet mm). Om lag 10.000 ungdommar mellom 15-25 år er medlem i Ungdomskortordninga vår.

Det Norske Teatret skal nå eit stort og samansett publikum, og rekruttera nye grupper til teateret. Vi skal spegla det nye Noreg både på scenen og i salen. Det Norske Teatret skal nå ut til heile landet i samarbeid med andre teater og nærskylde organisasjonar. Det Multinorske er eit initiativ frå Det Norske Teatret for at teatera skal kunne byggja ensemble som speglar det moderne Noreg. Derfor har vi saman med Nord Universitet oppretta ei treårig utdanning for skodespelarar med ikkje-vestleg bakgrunn. Det første kullet blei uteksaminert våren 2015, og 6 nye studentar starta studiet hausten 2015. Hausten 2018 startar eit nytt kull utdanninga si.

Erik Ulfsby er teatersjef og Nina Refseth er styreleiar ved teatret.

Framtida.no

Framtida.no er ein nettstad med nytt for unge mellom 15 og 25 år som vart starta opp hausten 2010. Nettstaden vert drifta av LNK og ABC Startsidan. Talet på lesarar aukar, og journalistikken vert òg lagt merke til i andre medium i aukande grad:

	<i>Tal brukarar</i>	<i>Per veke</i>	<i>Sitert</i>
2013:	306 000	8 000	122
2014:	336 000	9 000	278
2015:	391 000	10 800	323
2016:	475 000	12 600	250
2017:	825 000	20 000	339

Svein Olav Langåker er redaktør for Framtida.no og har kontor på Stord. I Oslo har Framtida.no kontor i lokala til ABC Startsidan. I snitt har Framtida.no hatt litt over tre årsverk i redaksjonen i 2017, i tillegg til ein journalist i praksis i eit halvt år. Fram til juni hadde me to forskingsjournalistar tilsett med støtte frå Vinjefondet.

Framtida.no skifta publiseringssystem og design i juni 2017 – og no er sidene betre tilpassa mobil og betre optimalisert for søkemotorar. Trafikken frå søkemotorar er auka med over 50 prosent, og trafikken frå sosiale medium har gått opp med 85 prosent. Direktertrafikken har gått opp med over 75 prosent.

Til saman samarbeider Framtida.no med 20 lokalaviser og fem andre aviser. Framtida.no har elles kurs i debattleiing og bokbad for unge som eit satsingsområde.

Framtida.no har elles delteke i Nettverk for nynorsk barnelitteratur og vore med på å arrangera fleire regionale seminar om formidling av nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

Viser elles til redaksjonell rapport her:
<http://framtida.no/tags/framtida>

Framtidajunior.no/Framtida junior

Landssamanslutninga av nynorskkommunar ved Framtida.no-redaksjonen har arbeidd gjennom året med det nynorske digitalløftet for barn, Framtidajunior.no. Nettstaden fekk førpremiere på forskingsdagane på Høgskulen på Vestlandet på Stord 26. september, og vart offisielt opna 17. oktober. To journalistar jobbar dedikert med denne nettstaden, Christian Wiik Gjerde i Oslo og Janne Nerheim i Skånevik og på Stord. Svein Olav Langåker er redaktør. Både Kulturdepartementet, Utdanningsdirektoratet, ABC Startsidan, Samlaget, Sparebanken Vest og LNK har støtta prosjekteringa og oppstarten av Framtidajunior.no. Me har òg samarbeid med Nynorsksenteret om å få utarbeidd eit pedagogisk opplegg knytt til nettsidene.

Me arbeider enno med å få til fullfinansiering av drifta av Framtidajunior.no i 2018.

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsidan starta me opp papiravisa Framtida junior i november. Fyrsteutgåva vart sendt ut i eit fyrsteopplag på 57.000 aviser som lokalavisene sendte ut til eigne abonnentar. Avisa kjem kvar 14. dag til abonnentar over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementsal vil gje eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida junior. Avisene har allerede bidrege mykje inn i samarbeidet, med både gratis marknadsføring og produksjon av nesten halvparten av innhaldet til papiravisa.

Kringkastingsringen

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. Sidan 1955 har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føra ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverka styresmaktene til å leggja forholda til rette for at me skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

Guro Kvalnes frå Ulvik gjekk på som styreleiar på årsmøtet i mars 2017. Preben Sørheim var tilsett som dagleg leiar fram til 18. juli 2016, då tok Anne Svanaug Straume over stillinga.

I 2016 og 2017 har me mellom anna:

- hatt årlege møte med leiinga i NRK og NRK Super om språket i NRK
- delt ut Kringkastingsprisen til Arill Riise i TV 2 (2016) og Anne Lognvik i NRK Telemark (2017)
- gjeve ut tre nummer av medlemsbladet Kringom kvart år, der me tek opp mediepolitiske spørsmål og språkpolitiske saker
- arbeiddd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn
- arrangert opne kveldar, med aktuelle tema om nynorsk i media

Kultur og tradisjon

Noregs Mållag er medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon, saman med 45 andre frivillige organisasjonar. Studieforbundet jobbar for at alle skal kunna verta kjent med og læra kulturuttrykk og folkelege tradisjonar, og legg til rette for utvikling og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod.

Studieforbundet kultur og tradisjon ser på opplæring i vid forstand; frå eit lite, enkelt kurs, eller fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar, til formell kompetanse og studiepoeng. For studieforbundet er det viktig å sikra eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein stor kursarrangør, og har ein jamn vekst i kursaktivitet gjennom dei siste åra. I 2017 gjennomførte medlemsorganisasjonane godt over 160.000 kurstimar med vel 41.000 deltakarar fordelt på vel 5000 kurs. Noregs Mållag hadde 6 kurs i 2017 på til saman 156 timar, med 46 deltakarar. I 2016 hadde Noregs Mållag fire kurs på til saman 102 timar, med 33 deltakarar. Opplæringa vert organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre.

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 123 medlemmer; av desse er 105 kommunar og fylkeskommunar (per 31.12. 2017).

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk språk innafør alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med språkopplæring, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester og omdømmebygging i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurset «På saklista» gratis til medlemene, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile landet. Kursa er kvalitets-sikra av, og vert arrangerte i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Fagforbundet.

LNK held kontakten med medlemene mellom anna gjennom eit e-brev som går ut kvar veke. I tillegg driv organisasjonen nettstadene LNK.no, Magasinett.no, Pirion.no, Startside.no, Framtida.no og Framtidajunior.no (dei tre siste saman med ABC Startside). LNK driv òg papiravisa Framtida jr. saman med fem lokalaviser.

Magasinett

Magasinett vart starta i 1997 av Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Noregs Mållag.

LNK v/Framtida.no tok over den redaksjonelle drifta av LNK i 2012. Magasinett.no og Framtida.no er framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Magasinett skal gje aktuelle og relevante nynorske tekstar til bruk i ungdomsskule og vidaregåande, og har arrangert tre skrivekonkurransar i samarbeid med Framtida.no i 2017.

I 2017 tok Magasinett bruk av same publiseringsplattform som Framtida.no. Dette har vore med å fleiredobla trafikken til vel 100.000 brukarar i 2017.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fagforbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett. Avtalen vart reforhandla i 2012 og gjekk ut 2017. Det vert arbeiddd for å få på plass ein ny avtale i 2018. Stiftinga Magasinett er elles finansiert gjennom tilskot frå Utdanningsdirektoratet, både driftsstøtte og prosjektstøtte gjennom ei eiga ordning for lesestimulering. Tilskotet frå Utdanningsdirektoratet har variert veldig i løpet av dei siste åra. Frå 2018 har Utdanningsdirektoratet slutta å gje driftsstøtte, og erstatta dette med prosjektstøtte. Magasinett har søkt om prosjektstøtte, men det er enno usikkert korleis dette vil slå ut.

Ein eventuell nedgang i støtta vil gå ut over tilbodet til både Magasinett og Framtida.no.

Styret til Magasinett er sett saman av styreleiar Vidar Høviskeland (LNK), nestleiar Gunhild Hammeraas (Norsk Barneblad) og Vebjørn Sture (Noregs Mållag)

Noregs Ungdomslag

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skapa engasjement og levande lokalmiljø. Visjonen er «levande lokalkultur,» og sentralleddet brukar mykje av ressursane på å leggja til rette for at lokallaga skal vera viktige for det lokale kulturlivet. Mellom anna har laga tilbod om systematisert opplæring av instruktørar innanfor folkedans og teater. I ungdomslaget kan du delta i ei rekkje ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, og ulike aktivitetar for barn og unge er dei største. Over 300 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ungdomshus. Mange lag har også songkor, kino og bunad- og handverksarbeid. Noregs Ungdomslag sitt prinsippprogram er bygd rundt omgrepa frilyndt, samfunnsengasjement, folkeleg kultur og samværskultur.

Norsk Barneblad

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut mest utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn i alderen 8–12 år. Norsk Barneblad har eigne nettsider, www.barneblad.no, me har også eiga side på Facebook og er på Instagram. Bladet inneheld teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk skrive for barn og av til av barn. I tillegg til bladet lagar også Norsk Barneblad julehefta Smørbukk og Tuss & Troll. Fire gonger i året vert Norsk Barneblad, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemedlemmene i Noregs Ungdomslag.

Mange lokallag i Noregs Mållag kjøper inn klassesett til lokale skular. Dette er viktig målarbeid som me er svært takksame for.

Styreleiar er Jens Kihl, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.

Nynorsk kultursentrum

2016 og 2017 var åra då Vinje-senteret for diktning og journalistikk vart etablert, vi tok over ansvaret for Litteraturdagane i Vinje, og vi skaffa oss ei litteraturhistorisk samling av stor verdi med fleire originalbrev av A.O. Vinje.

Frå 2018 eig og driv Nynorsk kultursentrum tre museum i tre fylke, tre språk- og litteraturfestivalar og ni nettstader, og vi forvaltar ei offentleg støtteord-

ning. Vi er det største litteraturmuseet i Noreg, driv det einaste senteret for diktning og journalistikk i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden og det eldste språkmuseet i verda, og det einaste redigerte leksikonet på nynorsk.

Vi nådde mange av dei faglege og økonomiske måla i 2017, og alle driftsavdelingane gav overskot. Driftsinntektene blir prega av kor mange festivalar og skulesekkturnear vi gjennomfører kvart år. I 2017 minka driftsinntektene med to prosent frå 29,3 millionar i 2016 til 28,6 millionar. Dette gav eit årsresultat på 1,3 millionar, mot 1,2 millionar året før.

Med ein festival mindre enn året før og færre skulesekk-framsyningar minka gjestetalet med 32 prosent frå rekordhøge 40 194 i 2016 til 27 143 i 2017. Nynorsk kultursentrum har i mange år vore eit av musea i landet med flest barn og unge blant gjestene. Barn og unge utgjorde heile 50 prosent av gjestene i 2017, mot 40 prosent året før.

Vi er mellom dei få musea med fleire nettstader enn bygningar. Nettstadstrukturen skal byggjast om, og vi kjøpte i 2017 domenet Nynorsk.no frå Norsk Mål-ungdom. Dei digitale brukarane auka med 42 prosent frå 418 410 i 2016 til 594 507 i 2017. Talet på viste sider auka med 13 prosent frå 1,2 millionar i 2016 til 1,4 millionar i 2017. Tunkatten.no hadde over 54 000 nedlastingar og avspelingar, mot 50 000 året før, og med 20 181 følgjarar i sosiale medium hadde vi 14 prosent fleire enn året før. Allkunne held fram med å utvikla nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og hadde ved utgangen av 2017 publisert 25 103 artiklar, mot 23 005 året før. Talet på brukarar auka med 37 prosent frå 183 956 i 2016 til 252 329.

I 2017 gjennomførte vi 309 eigne arrangement og tilstellingar i 47 kommunar i ni fylke, mot 507 arrangement i 71 kommunar i ti fylke året før, og vi samarbeidde med 108 institusjonar, organisasjonar og private verksemdar.

Tilsette og tillitsvalde stod bak 62 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 81 året før. Den viktigaste utgivinga i 2017 var Vinje-bibliografien av Ottar Grepstad. 26 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre. Vi laga temautstilling nr. 37 – Sannare enn røynda? om liv og dikt i litteraturen. Generalløytnant Morten Haga Lunde i Etterretningstenesta fekk prisen Årets nynorskbrukar 2017, og frå Vinje-fondet for meir nynorsk i pressa løyvde vi 480 000 kroner til fire prosjekt.

Styreleiar var Lodve Solholm, rådsordførar var Øystein A. Vangsnes, og direktør var Ottar Grepstad. Vi hadde tilsette i 19 faste stillingar og arbeidsavtalar med 52 andre medarbeidarar. Det vart utført 20,0 årsverk, mot 20,3 året før.

Til og med 2017 hadde vi hatt nær 396 000 gjester på arrangement og utstillingar og 5 147 000 unike

nettstadbrukarar. I alt har altså vel 5,5 millionar nytta tilboda våre. Etter 18 driftsår er dette gjort:

- 59 942 museumsgjenstandar, bøker, skrifter og audiovisuelle objekt
- 109 hyllemeter arkivalia
- 5476 tilstellingar, av dette 4149 eigne i 175 kommunar i alle fylke
- 37 temaustillingar er laga og har vore lånte ut 188 gonger til stader i 18 fylke
- 1974 framsyningar av ti elevprogram i Den kulturelle skulesekken for 66 315 elevar og lærarar
- 475 357 nedlastingar og avspelingar frå Tunkatten.no
- 433 talar og foredrag, 260 artiklar og 33 bøker og småskrifter

Visjonen vår er «nynorsk, sjølv sagt, når som helst og kor som helst». Nynorsk kultursentrum ser fram til vidare godt samarbeid med tilsette, medlemmer og styre i Noregs Mållag på grunnlag av den felles hundreårs-erklæringa om norsk språkpolitikk frå 2013, og dokumentet «Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding» som var vårt innspel til den nye kulturmeldinga i 2017.

NRK Nynorsk mediesenter

Per 1. februar 2018 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 130 nynorskbrukande journalistar sidan 2004, og 60 prosent av dei arbeider i media. 45 % arbeider i NRK, og dei fordeler seg nokså jamt mellom distrikts- og riksnettet. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i til dømes Dagsrevyen, Dagsnytt, Sporten, Urix, Supernytt og i fleire av riksprogramma i P1 og P3 frå Tyholt. Den andre halvparten arbeider ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Ein tidlegare nynorskpraktikant er nyhendeanker i TV2 Nyhetsskanalen, ein annan er nyhenderedaktør i Nationen, ein tredje er vaksjef i Dagsrevyen. Andre er journalistar i Vest-Telemark blad, Møre-Nytt, Bergens Tidende, Telemarksavisa, Drammens Tidende og nettredigerar i Dagens Næringsliv. Vel tjue er nett-redaktørar/informasjonsfolk/rådgjevarar i til dømes; Språkrådet, Valdirektoratet, Kirkens Nødhjelp, Bonde-laget, Røde Kors, Skatt Vest, Norske Kunstforeningar og Redd Barna.

Søknadsfristen for haustkullet er 15. april og for vårkullet 15. oktober. me tek inn fem på kvart kull. Nynorskpraktikantane får opplæring i nett, sosiale medium, radio og fjernsyn, og praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Til slutt har dei to månaders praksis i andre redaksjonar, i og utanfor NRK. Dei har løn i dei seks månadane praktikanttida varer, men korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etterpå. NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak i NRK, for å skaffa

fleire nynorskbrukande og fleirkulturelle journalistar til media. – Etter regelen skal dei som har gjennomført desse opplæringane ha prioritet til internt utlyste stillingar i NRK i tre år. Berre fast tilsette skal gå føre dei. Men den regelen må ofte vika når talet på tilsette skal ned.

Stiftinga Nynorsk avissenter

